

# LNK AVISA

info@lnk.no

NR 5 • 2007 • ÅRGANG 6

www.lnk.no

## Riddar Vesaas



Guri Vesaas er ein stillferdig riddar, men like fullt klar til å svinge sverdet for det viktigaste i verda: Barnelitteraturen. Etter 40 år i forlagsbransjen lurar ho på om ho greier å lesar berre for å hygge seg.

• Sjå s. 12 og 13



(Foto: Toyni Tobekk)

## Karitas menn



Dei aller fleste i det nyoppretta mannspanelet kjem frå eller bur i det austlandske kjerneområdet.

• Sjå s. 16

## Gassar seg i bøker



Den nynorske litteraturen står i høgsetet to veker i november. Både på Stord og i Aurland skal litteraturen bløme.

• Sjå s. 4 og 24

# Gammal industri

Industrikulturen er i endring. Klassekilje og arbeidarkamp er eit tilbakelagt kapittel, no er det næringsbiten som tel.

I dag må ikkje Saudabuen lenger velje mellom Folkets Hus eller bedehuset. Folkets Hus i Sauda har gått frå å vere arbeidarklassens debattarena til å fungere meir som eit kulturhus. No kan det bli det første i sitt slag som får vernestatus.

Ein nedlagt smeltefabrikk med utsikt til vernestatus ligg som ein verkebyll mellom folket i Odda. Riv det gamle

og gi plass for det nye, seier den eine fløya.

Bruk historia til å utvikle nytt, er motsvaret. På sidelina sit Miljøverndepartementet og vil at fabrikkjen skal få Unesco-status.

I Bremanger tek industrien ny form. I staden for å sjå bakover, ser kommunen fram til ny industri når Elkem neste år truleg startar produksjon av solcellesilisium ved fabrikkjen i Svelgen.

• Sjå side 8 – 11

**ABC**  
Startsida

Vi gjer nettet  
nyttigare!

www.startsida.no

Kommunalbanken - ein fulltreffar for kommunen din  
-me finansierer lokale løysingar

**KBN** Kommunalbanken  
Norge

Kommunalbanken AS Telefon 21 50 20 00 Telefax 21 50 20 01 www.kommunalbanken.no

Informasjonsavis for  
Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar

Redaktør  
Einar Schibevaag

## Kommunale fallgruver

Eit sikkert kjennemerke for mange einsidige industristader har vore raudt.

På gallupen har fargen vore raud på same måte som folketallet har vist ei negativ utvikling. Dei få store bedriftene har ikkje lenger sikra "alle" jobb på fabrikkene, snarare tvert om.

Å endra ei slik haldning har teke tid. Lang tid. Men no ser me lys i tunnelen for samfunn som Årdal, Sauda, Høyanger osv. Årdal og Høyanger skrik etter arbeidskraft. I Saudasamfunnet like så, og for første gong på fleire tiår har kommunen hatt vekst i folketallet.

Samstundes med at dei einsidige industristadene greier å bryta denne tradisjonen, ser me no kommunar som arbeider seg meir og meir inn i den same fallgruva som industristaden har lagt bak seg.

Kommunar med god økonomi som har nytta veksten i kommunal sektor fann stad på 80 og 90 talet har ført til ei forvitring i entreprenørskapen og kommunane er blitt samfunnsaktør på same måte som dei store fabrikkane var det på midten av førre hundreåret.

Mangel på lokal gründerånd blir kompensert med å bygge ut ein svært stor kommunal sektor der det går med mest det dobbelte på å produsera dei same tenestene som nabokommunen gjer. Kostra-tal frå kommunane viser dette til fulle og når kommunar som t.d. Vinje brukar meir enn dobbelt så mykje som den jamstore kommunen Etne for å drifte sin sentraladministrasjon, fortel det sitt.

Det er ei svært uheldig line å leggje seg på for kommunane. Dei gjer seg meir og meir avhengig av seg sjølv som arbeidsplass, og hindrar eit pulserande næringsliv som er viktig skal kommunen bløme. Kommunen kan aldri drive næringslivet, men berre leggje til rette for det.

Det står att å sjå om dei klarer å snu utviklinga.

## På rett veg

Stadig fleire oppgåver forlet kommunestyresalen for å få si løysing i eigne selskap lokalt og regionalt. Eit fåtal personar, med ordførar og rådmann i spissen benkjer seg rundt styreborda og skal forvalte og ta avgjerder i saker som får direkte konsekvens for innbyggerane.

Å løysa kommunale utfordringar på nye måtar er viktig, men ikkje ved at avgjerda blir overlatt til nokre få sentrale hender. Derfor gler det oss at den nye kommunal og regionalministaren Magnhild Meltveit Kleppa alt har sett dette på dagsorden ved å stilla spørsmål ved denne praksisen.

Skal det lokale folkestyre fungera må det ikkje overlatast til færre hender, heller fleire.

# NYNORSK I BOKMÅLSLAND

"Kvifor kveljar du så kvanskelege oppgåvar?" spurde mattelæraren og lo. Eg var heldigvis ingen hårsår målungdom.

Det var sjølvsagt ikkje tale om mobbing. Men ikkje di mindre merkeleg å sjå, kor formidabel fråstanden faktisk kunne vera mellom nordmenn og det eine av språka deira – nynorsken, som Framstegspartiet ved skulevala lova "eliminere" frå læreplanen. På det tidspunktet all vitsinga tiltok, hadde eg ikkje eingong vald nynorsk som målform. Men i norsktimane framgjekk det at eg lika denne delen av faget. Slikt gjekk det venteleg gjetord om langt inn i lærarromet, for plutsleg tyktest heile staben kjend med den eksotiske interessa mi. Nynorsk. Ingen kan vel for alvor like nynorsk.

Når eg av og til råkar borti gamle lærarar, spør dei framleis "kvissleis" det går. Dei veit no iallfall at "kvissleis" er feil; det er jo slett ikkje verst. Men den gongen eg sat i klassa som einaste interesserte av bortimot tretti elevar, kan eg røpe at spørsmål ofte overgjekk kvissleis-formuleringa i berrsynt villfaring. "Heiter det och på nynorsk?" Eller den vanlege oppfatninga, at sidemålet rett og slett er kaudervelsk: "Kva er mange på nynorsk? Mongje?" Generelt var nynorskundervisninga på Gimse ungdomsskule i Melhus eit ganske trøsteslaust prosjekt. Mi eiga usedvanlege interesse er lett å forklare; eg lika lesa og var så heldig å koma over bøker også på nynorsk. På ungdomsskulen fekk eg inga undervisning i tradisjonell forstand. Eg berre las litt meir, skreiv nokre stiloppgåver og spurde om eg lurde på eitkvart. Jau då, læraren kunne tinga sine. Ingen av mine medelevar hadde ein duglaus og likesæl autoritet å klandre. Men framgangen lét vente på seg. Det var substantiv- og verbøying repetert i det endelausa.

Fyrst ved overgangen til vidaregåande brydde eg meg om å byte målform, sjølvsagt som den einaste. Sørvisen heldt seg upåklageleg. Alle gjorde sitt ypparste for å kommentere skriftlege innleveringar på nynorsk. Kom det til sidemål i norsktimane, sette eg meg med romanar og aviser – medan læraren terpa på det same. Når Sosialistisk Ungdom vitja skulen i valsamanheng, fekk eg skryt for det gode initiativet. Sjølv vurderte eg det annleis. Det var ikkje meir enn ei estetisk oppleving, eg lika lyden i nynorsken og kjende eg føretrekte han framfor bokmålet. Ei personleg sak, med andre ord, som ikkje eigentleg skal forplikte til politisk målstrid. Men slik er no ein gong tilhøva her til lands. Greitt nok, eg kan alltid stå på nokre medlemslister. Nasjonalt er nynorsk-

rørsla høgst oppegående. Men eg freista ikkje skapa noko ungdomslag, for eg visste det var vonlaust. Litt seinare vart eg med mellom seniorane i lokallaget, som arrangerer diverse dialekt- og litteraturkveldar no og då. Ser ein på heimkommunen min under eitt, er dette ein gjennomgåande tendens. Nynorsken har lang tradisjon i bygda, men er i dag sjeldsynt i ordinære samanhengar. Dreier det seg derimot om eikor bortgøymd kulturform, kjem han straks på banen. Det er i publikasjonar frå historielaget, i bygdetun og gravferder.

Mine personlege røynsler har inga fagleg tyngd. Men òg ein åskodar vil sjå det meiningslausa i nynorskundervisninga som ho no vert gjennomført. Mange kan opparbeide ein stakaraktar, men går like fullt ut av skulen utan å kunne språket skikkeleg. Dei som verkeleg har lærd det, kunne greidd det like godt med ein tidel av den faktiske undervisningstida. Kreftene vert konsentrerte om dei som ikkje lærer det – og ikkje freistar.

Det var same røynslene i tysken, som likeins tiltok i åttande. For dei fleste var det framandarta, tilsynelatande meiningslaust og såleis tungt fordøyeleg. Kasus og setningsanalyse gjekk seint, hjå sume aldri inn. Stemninga var den same hjelpelause. Men kven

lèt seg overraske? Alle har møtt ein skuletrøyt ungdom. Velkjende emne er tunge nok. Så skal ein plutsleg læra nynorsk, som knapt nok har streifa øyra tidlegare. At dette er som ei nyttelaus bisetning til det elles graselege norskfaget, hjelper ikkje akkurat på inspirasjonen.

Denne erkjenninga trur eg er fyrste steg. Om nynorsken lyt greie seg på premisane han i dag har, vil ei positiv utvikling fordre endringar i sjølve tenårsingsnaturen, i tankegangen til elevane som skal læra språket. God undervisning er sjølvsagt til hjelp, men kunnskap tillærd i så sein alder sit ikkje av seg sjølv. Kva om ein la grunnlaget tidlegare? Vi las ikkje nynorsk på barneskulen. Emnet vart knapt nok nemnd. Ein har greidd seg i årevis utan eit ord nynorsk, det er ikkje rart det tykkjest overflødig når ein fyrst byrjar. Det er slett ikkje vanskeleg, alle kan for så vidt greie det. Men helst skulle det kome naturleg, slik bokmålet gjer med åra.

Enn så lenge vil forfallet halde fram. Kanskje er det den vegen det lyt gå, men dette er i så fall ein tragedie for norskfaget som heilskap. I og for seg kan ein berge utan nynorsken, men det finst ikkje ord for den språklege kunnskapen og forståinga som fylgjer med når ein lærer han. Det er eit faktum ungdommen ikkje vurderer.

## Heiter det och på nynorsk?

### KRONIKKFORFATTAREN

Erlend Skjetne  
Skuleelev



Utgjevar:  
Landssamanslutninga av  
nynorsk-kommunar (LNK)

Redaksjon:  
Ingrid Hillestad  
Bente Kjos-Wenjum  
Judith Sørhus Littlehamar  
Toyni Tobekk  
Sigbjørn Høidalen

Korrekturlesar:  
Ola Hauge

Adresse til redaksjonen:  
LNK-Avisa  
Næringsbedet i Vatlandsvåg  
4235 Hebnæs

Telefon 52 79 04 80  
Telefaks 52 79 04 81  
E-postadresse:  
bladstova@lnk.no

Montering:  
Norsk Plan A/S -  
Astrid Eidhammer Hjelmeland  
Trykk:

Sunnhordland  
Opplag omlag 6000  
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og  
kan tingast hjå  
LNK, tlf. 22 33 14 00,  
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,  
eller bladstova@lnk.no  
Pris kr 150 per år.

Utgjevingsplan  
7/12

Annonseprisar:  
1/1 side kr 17 000,-  
(248x360 mm)  
1/2 side kr 10 000,-  
(248x175 mm eller 124 x 360 mm)  
1/4 side kr 6 500,-  
(128x175 mm eller 57x360 mm)  
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.  
Tillegg for farge.

Annonser blir å levera  
som pdf-fil til:  
bladstova@norsk-plan.no

# Vil utvikle littkrit

**Litteraturprosjektet Littkrit er blitt ein suksess. Neste år kan det bli endringar i opplegget.**

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Ungdommane i litteraturprosjektet Littkrit har ein noko uvanleg sommarjobb der dei får lese og omtale nynorskbøker, og ikkje minst utvikle nettstaden littkrit.no som også etterkvart skal fungere som ei informasjonskjelde for andre elevar. Prosjektet vart i sommar gjennomført på andre året, og vart også meir mot den digitale verda enn det har vore før. Mellom anna bruker elevane gratisprogrammet MediaWiki til å publisere arbeidet sitt på nett. Prosjektleiaren i Littkrit, Petter von Krogh, legg vekt på at ein framover også vil arbeide for å stimulere til bruk av andre gratisløysingar på nett. Ikkje minst skal ungdommane få tilgang til aktuelle lenker på nettsida littkrit.no.

- Me ynskjer å bygge opp om gratisprogram på nettet og guide brukarane frå littkrit-sida til gratisløysingar på nettet, det handlar om kompetanseheving på fri programvare, seier von Krogh.

## LITTERATUR - CAMPUS

Dette året var det 11 ungdommar mellom 16 og 19 år frå Aurland og området rundt som fekk delta i prosjektet. Trass i at prosjektet har vist seg å bli ein suksess håpar no Petter von Krogh på endringar for neste år, ikkje minst på grunn av ynskje frå ungdommane sjølve. Den største endringa vert i så fall at ein går vekk frå konseptet med sommarjobb og over til ei løysing der ungdommane er deltakarar på ein litteratur-campus.

- Den største forskjellen vert i så fall at arbeidet ikkje vert lønna, men at me derimot arrangerer ei større happening i Aurland, og at ein går frå to veker til ei veke full av workshop, konsertar og anna. Målet er å koma djupare inn i litteraturverda, meiner von Krogh og viser til at ungdommane sjølve etterlyste noko meir då arbeidsdagen var over og dei måtte gå heim for dagen.

- Me har sendt invitasjonsbrev om Littkrit Campus til Høgskulen i Sogn



Litteraturprosjektet Littkrit veks seg stadig større. Neste år får kan bende ungdommane tilbod om å delta på litteratur-campus. (Foto: Sigrid Marie Førsund)

og Fjordane, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar, Noregs Mållag og Sogn og Fjordane fylkeskommune, fortel han.

## INN I SKULEN

Ei løysing med campus trur han vil bli ei meir intens oppleving. Framover no vil ein ifølgje von Krogh arbeide med to ting. For det første er det viktig at ungdommane sjølve er med å utvikle nettstaden littkrit.no, eit arbeid som vil gå heile året. For det andre vert det lagt ned mykje arbeid i å utvikle den nye versjonen av Littkrit og ikkje minst i å integrere prosjektet i skuleverket.

- Me vil aktivt prøve å nærme oss institusjonar med det målet å kome oss inn i skulen, men det er ikkje noko me vil få til denne hausten, seier prosjektleiaren. Blant anna er han i dialog med Norsk digitalt bibliotek om eit samarbeidsprosjekt med Biblioteklaboratoriet for å binde littkrit og bibliotekdata saman. I tillegg har fylkesbiblioteket i Sogn og Fjordane vist interesse for å vere med i samarbeidet. Målet er at ein skal utvikle nettstaden littkrit.no til også å knyte ulike type informasjon saman slik at ein og kan fungere som ei større og meir variert kjelde for skuleelevar. Petter

von Krogh viser også til at prosjektet har vore i kontakt med Nasjonal digital læringsarena, som blant anna arbeider for fritt tilgjengelege nettstadar for fag i vidaregåande opplæring.

## BREI STØTTE

Littkrit vert støtta økonomisk av Aurland Sparebank, Årdal kommune, Nynorsk-senteret, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Aurland kommune. Det Norske Samlaget har dessutan støtta Littkrit med forfattarbesøk av Ingelin Røssland og Finn Tokvam i tillegg til gratis bøker til litteraturkritikarane. Høgskulen i Sogn og Fjordane har bidrege på fagsida, medan Foreningen !les stilte opp med gratis workshop ein av dagane.

## Littkrit

-Litteraturprosjekt som i år vart arrangert for andre gang.

-Poenget med prosjektet er at ungdom mellom 16 og 19 år har sommarjobb som litteraturkritikarar, der dei skal lese og omtale nynorskbøker til tariffønn.

-Ein stor del av prosjektet er å utvikle nettstaden littkrit.no, som etterkvart også skal fungere som ei informasjonskjelde for andre elevar.

-Prosjektleiaren Petter von Krogh ynskjer no å utvikle prosjektet til å bli ein litteratur-campus for ungdom neste år.

-Deltakarane i prosjektet kjem frå Aurland og området rundt. I år deltok 11 ungdommar i prosjektet.

WWW.MAGASINETT.NO  
einaste intelligente nettstaden for ungdom  
- på nynorsk!



Landssamanslutninga  
av nynorsk kommunar (LNK)

•  
P.B 7044  
St. Olavs plass  
0130 Oslo

•  
www.lnk.no

•  
info@lnk.no

•  
Dagleg leiar:  
Vidar Høviskeland

•  
Styret:

Jan Magne Dahle, leiar  
Astrid Myran Aarvik, nestleiar  
Solfrid Borge  
Kjell G. Helland  
Rune Øygard

•  
Varamedlemer:  
Nils R. Sandal  
Velaug Veum  
Oddvar Haugland

•  
LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

•  
LNK samarbeider med:  
Bladet Sunnhordland  
KLP forsikring  
Hotell Bondeheimen  
Fagforbundet  
Kommunalbanken

# Høviske ord

I september vedtok Språkrådet å laga ei ny "tydeleg, enkel og stram nynorsknorm utan sideformer". Målet er at det skal verta lettare å vera nynorskbrukar, at språket skal verta meir tydeleg for dei som brukar nynorsk som sidemål og at språket skal verta meir stabilt over tid.

I vedtaket heiter det: "Breitt talemålsgrunnlag, mykje brukte former og ord, geografisk spreining og skriftspråkstradisjonar er blant dei viktigaste faktorane som skal balanserast i den nye forma."

Reaksjonane har vore mange og sterke: Forfattarar, journalistar, pedagogar og mange av "dei som har noko med det" har posisjonert seg gjennom engasjerte og meir og mindre underbygde debattinnlegg.

Spørsmåla er mange: Skal nynorsk først og fremst vera for dei som brukar språket i dag eller skal me ta meir omsyn til dei som skal nytta språket som sidemål i framtida? Det er rett at mange nynorskbrukarar og potensielle nynorskbrukarar er usikre på rettskriving og ordval. Men er det språkforma nynorsk sin feil at lærarar, foreldre, politikarar og andre får lov og høve til å spreia fordommane sine utan å bli møtte med kunnskap og rettleiing? Eller handlar dette meir om

klassiske økonomiske, kulturelle og sosiale skiljeliner?

Eit av dei viktigaste spørsmåla handlar om framtida til det innebygde "demokratiske" prinsippet i nynorsk: Skriftspråket skal liggja så tett opp til talemålet at "alle" skal kunna finna litt av seg sjølv og kjenna seg heime. Mange av debattantane dreg Språkrådets evner som balansekunstnar i tvil, trass i fine ord om at "breitt talemålsgrunnlag" skal liggja til grunn for arbeidet.

Dialektar er alltid i endring. Dersom dei ikkje var det burde lokalsamfunna vera på vakt. Særleg er det tendensar til at dialektane rundt dei store byane våre nærmar seg bytalemåla – og her ligg det sjølv sagt ei utfordring for den nynorske språkforma. Samstundes ser det ut til at stadig fleire, både bokmåls- og nynorskbrukarar skriv meir dialektnært – ikkje minst i tekstmeldingar, på bloggar og i e-postar.

Ein av grunnane til at nynorsk har ein så rik litterær tradisjon og fungerer så godt i songtekstar og på scenen er nettopp det musikalske i språket – at det ligg så nært opp til måten me snakkar på – hjartespåret vårt. Og smitteeffekten er påfallande stor: Bokmålet nærmar seg også talemåla – frå den andre sida av bordet. Ei slik utvikling er nødvendig for at språket

ikkje skal storkna. Grunnen til at det gamle riksmålet døydde frå oss – etter eit langt sjukeleie, var nettopp at det ikkje hadde kontakt med si eiga samtid - dagens språkbrukarar.

Det kan hevdast at norsk, som dei fleste andre språk, ikkje er ferdig utvikla – heldigvis. Eit funksjonelt og levande språk må ha eit sterkt og stødig rammeverk: Dersom Språkrådet gjennom denne normeringa ønskjer å rydda opp i grammatiske og ortografiske inkonsekvensar i den eine språkforma vår, vil det vera bra. Men dersom revisjonen fører med seg ei innsnevring og einsretting av ordtilfanget og til ei "avdemokratisering" av nynorsken, vil det vera ei ulukke for språket.



Vidar  
Høviskeland  
er dagleg leiar  
i LNK

## Nynorske litteraturdagar:

# Per Sivle og Are Kalvø

**Nynorske litteraturdagar  
vert arrangert i Aurland 2.  
– 4. november. Målet er å  
vise mangfaldet i nynorsk  
skriftspråk.**

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Litteraturdagane vert i år arrangert for andre året på rad. Bakgrunnen for festivalen er fleire kulturelle tiltak i Aurland kommune gjennom mange år der ein har ynskt å fokusere på nynorsk litteratur. No har ein derimot valt å utvide satsinga. Blant anna starta ordførar og eldsjel Olav J. Ellingsen med å dele ut nynorske songbøker til alle nyfødde born i kommunen – det er no blitt ei fast ordning.

- Me vil vise mangfaldet i det nynorske skriftspråket, seier prosjektleiar for litteraturdagane, Arve Tokvam, og viser



til at nynorsken er viktig som identitetsberar.

- Me bur midt i nynorskland. Det er viktig at folk vert stolte av det, meiner han.

Dette året har også litteraturdagane valt å fokusere på barn og unge, med fleire arrangement der barn og unge skal få møte nynorsk litteratur. Elles trekker Tokvam fram markeringa av at det er 150 år sidan Per Sivle vart fødd. "Den fyrste song - frå tåreskvett til skratt" er meint å vere eit familiearrangement for både liten og stor og skal i tillegg opne sjølv festivalen.

*Are Kalvø er ein av attraksjonane under Nynorske litteraturdagar i Aurland. (Foto: Stand Up Norge)*

Forutan dette kjem Are Kalvø for å lese frå si nye bok: "Våre venner kinesarane", det vert nynorske kvardagstraumar med Linda Eide, bokbad med Frode Grytten, høgtlesing frå Henning Rivedal, biografitime med Olav Vesaas og Alfred Fidjestøl og sommarvind med Edvard Hoem og Henning Sommerro.

# Dårleg psykiatrisk tilbod

**I fylgje Mental Helse Ungdom har 20% av alle ungdommar eit psykisk problem dei treng hjelp til å løyse. Mange meiner at tilbodet ikkje er tilfredsstillande.**

BENTE KJOS-WENJUM  
bente@norsk-plan.no

Forfattaren Rasmus Løland var banebrytande som barnebokforfattar. Det er i år 100 år sidan Løland døydd. Heilt frå ungdomstida sleit han med psykiske plager: "Verdi er ljøs og vaaren fager, og sjølv er eg og berre ungdommen enno, berre 24 aar. (...) alt er igrunnen bra. Og likevel gjeng eg her og gjer livet til eit helvite. Kva er slikt? Kvi ristar du det ikkje av deg!" skreiv Løland i sjølvbiografien sin.

På eit seminar arrangert av Stiftinga Rasmus Løland-markeringa vart det sett fokus på psykisk helse, der kommunale utfordringar innan psykisk helseteneste vart omtala. Det vart peika på at det kommunale tilbodet ikkje var godt nok.

## KOMPLEKSE PROBLEM

Sjansen til å få kvalifisert hjelp er lita, meiner cand. phil. Anne Elise Winterhus. Ho har erfaring som pårørende i psykiatrien over lang tid, og stiller spørsmål til den desentraliserte helsetenesta. Problema er komplekse, og det er bortimot umogleg for kommunane å



Cand phil. Anne Elise Winterhus stiller spørsmål til den desentraliserte helsetenesta. (Foto: Norsk Plan as)

ha eit hjelpeapparat som er kvalifisert til å takle dei store utfordringane.

- Behandlinga vert i mange høve avgrensa til å omfatte resept på piller. Mange vert sette i "kjemiske fengsel", der dei mest plagsame symptoma vert dempa. Winterhus reflekterer over dei endringane som har føregått i det psykiske helsetilbodet dei siste 100 åra.

- Me har sikrere og meir kunnskap om

psykisk helse enn tidlegare, og tilbodet er i dag slik at det er enklare å vere sjuk, men ikkje å verte frisk.

Også Randi Talseth, generalsekretær i Vaksne for barn, peikar på problemet. - Kommunane er små einingar, og kan ikkje bemannast med spisskompetanse. Spesialhelsetenesta må understøtte primærhelsetenesta i større grad enn det som er tilfellet i dag, seier Talseth.

- Kapasiteten på behandlinga har auka, men det har ikkje vore auke i kompetanse og tilgjengelegheit.

## DÅRLEGASTE TILBODET

Dei mest alvorlege psykisk sjuke blant born og unge får eit alt for dårleg tilbod. Det kjem fram av ein gjennomgang av tilboda i alle fylka i landet, utført av Helsetilsynet.

Kvar i landet du bur er avgjerande for om du får eit godt tilbod, og ikkje minst, kortid du får det. Rapporten syner at samarbeidet mellom kommunale tenester og spesialhelsetenester fungerer dårleg i praksis, noko som påverkar situasjonen for pasienten på ein negativ måte.

- Kommunane treng hjelp, samarbeid og støtte i større grad enn det som er tilfellet i dag, seier Talseth. Ho ser likevel fram til ei betring av situasjonen frå 2008, då staten skal ta over kostnadane med særleg kostnadstrengjande innbyggjarar.

Kva kan kommunane gjere for å betre situasjonen?

- Dei må undersøke tilhøva hjå seg sjølve og lage ein meir målretta plan for arbeidet, både med tanke på å identifisere problema, førebyggje og behandle. - Eg vil oppfordre kommunane til å avtalefeste samarbeidet med spesialhelsetenesta, seier Randi Talseth.

## ARV OG MILJØ

Hovudårsaka for psykiske problem stammar anten frå arv eller miljø. - Me kan påverke miljøet, og utgjere ein skilnad der, seier Talseth. - Men me må vakta oss for å sjukleggja alt. I periodar inneheld livet sorg og sakn som er naturlege og som me må lære oss å leve med. Slike tunge fasar i livet må ikkje forvekslast med psykiske problem.

- Me har ikkje studier som seier noko om kor stort problemet var tidlegare, men det som er klart er at etterspurnaden aukar når tilboda vert tilgjengelege. Mange treng hjelp kun i ein kortare periode, til dømes i form av samtalar, gruppetilbod, enklare tilrettelegging eller liknande. Svært viktige tilbod for å førebyggje meir alvorlege plager, seier Talseth.



## BERGEN/HAUGESUND/STAVANGER - NEWCASTLE JULEBORD OG SHOPPING - ALT I SAMME BÅT!

Hvorfor ikke avslutte året med en uformell sammenkomst hos oss?

Et skip er ett helt spesielt sted, som gjør det lett å lære dine kolleger, kunder eller samarbeidspartnere bedre å kjenne. Med et seilende julebord til Newcastle får du en annerledes og spennende avslutning på året som garantert vil gjøre inntrykk på deltakerne og ikke minst; huskes i lang tid!

Ta kontakt med oss i dag så hjelper vi deg med planleggingen og gjennomføringen av et vellykket arrangement. Hos oss er alle samlet fra begynnelse til slutt. Alt i samme båt!

For bestilling kontakt vår gruppeavdeling på tlf.: 21 62 11 60 eller e-post: [gruppeavdelingen@dfdsseaways.no](mailto:gruppeavdelingen@dfdsseaways.no)

JULEBORDSCRUISE FRA  
**2524,-** PR. PERS.  
INKLUDERT JULEBUFFET

\*) Prisen gjelder ved minimum 8 personer mandag - onsdag i perioden 02.11. - 23.12.07. Torsdag - søndag fra kr. 2854,- pr. pers. Miljøavgift, oppgradering av lugar, ekstra måltider og evt transfer i Newcastle tilkommer.

### ALT DETTE ER INKLUDERT!

- 2 overnattinger i innvendig dobbel Seaways Class lugar
- 3 timers konferanse, inkl. teknisk utstyr, kaffe, te & isvann
- 2 frokostbuffer
- 1 lunsjbuffer
- 3-retters festmiddag med vin ad libitum og kaffe avec
- Julebuffet med ett glass øl/vin/mineralvann

(Kontakt oss for pris hvis det er ønskelig å bytte ut julebuffet med 3-retters julemeny i vår à la carte restaurant)



EKTE JULESTEMNING



SEILENDE JULEBORD



UFORMELL TONE

[WWW.DFDS.NO/KONFERANSE](http://WWW.DFDS.NO/KONFERANSE)





# “Ein peng spard er ein peng vunnen”

*Ordtak av Ivar Aasen*

I meir enn 80 år har me hjelpt kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering som kan realisera kommunen sine mål.

Kommunalbanken finansier lokale løysingar  
- den leiande finansierings-institusjonen i kommunemarknaden

**KBN** Kommunalbanken  
Norge

Kommunalbanken AS Telefon 21 50 20 00 Telefax 21 50 20 01 [www.kommunalbanken.no](http://www.kommunalbanken.no)



- Slik skal det gjerast! 10-åringane Sven Erik Hebnes og Espen Hegdal (t.v.) på Madlavoll skule viser Sissel Hegdal og rektor Kai Iversen korleis praktiske oppgåver kan løysast. (Foto: Toyni Tobekk)

# Med lego skal framtida byggjast

**Dei leikar med lego og programmerer robotar i skuletida med utstyr foreldra har skaffa og næringslivet betalar for. Vi er på Teknolabben på Madlavoll skule.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Det byrja med ein ide på eit foreldremøte nokre år tilbake. Foreldra i oljebyen Stavanger visste at det er store behov for realfagskompetanse i framtida og ønskte å vere med å påverke utdanninga til ungene sine. Slik blei ideen om ein Teknolab til, og den har utvikla seg frå å dreie seg om ein skule til å involvere 18 skular i Rogaland.

## GRATIS TIL SKULEN

- Vi gir ikkje ungene svaret, vi lærer dei å løyse problema sjølve, forklarar Sissel K. Hegdal, ei av eldsjelene bak TeknoLab og mor til tre elevar på Madlavoll. - Det er ein stor skilnad, og er med og skapar nysgjerrigheit og initiativ.

Ved å bygge, konstruere, utforske og få eit resultat som verkar, skal ungene få eit naturleg og offensivt forhold til teknologi og realfag. Teknolab har donert utstyret til skulen og skulen nyttar det i dei faga dei vil, heilt kostnadsfritt.

- Vi blandar oss ikkje inn i skulen sitt arbeid, men har som føresetnad at utstyret må bli brukt, seier Hegdal.



## FORELDRESTYRT

Rektor Kai Isaksen ved Madlavoll kan fortelje at lærarane hans bruker labben til realfag, men og i andre samanhengar. Dessutan held foreldra labben open ein kveld i veka, heilt utanom skulens regi.

- TeknoLab er fantastisk, skryt rektor. - Det einaste ungene ikkje likar, er at dei må demontere det dei har bygd, seier han og syner til legobyggjesetta som må tas frå kvarandre etter bruk slik at nye hender får sleppe til.

## - BRUK FORELDRA

- Men er ikkje dette eigentleg ei offentlig oppgåve? Skal foreldra verkleg syte for utstyret på skulen?

- Eg unner alle skular ein teknolab, men ser ikkje nokon motsetnad i foreldrerolla og det offentlege ansvaret, seier rektor Isaksen. - TeknoLab er eit sup-

plement, ikkje ei erstatning for materiell skulen er pliktig å skaffe.

- Foreldra er dessutan ein av dei viktigaste ressursane skulane har. Skulen skulle bruke dei meir, meiner Sissel Hegdal.

## FEM MILLIONAR PÅ KONTO

Tidlegare i år sa ein av dei store bankane i Stavanger: "TeknoLab har vi tru på, vi gir dykk fem millionar kroner". Dette har gitt prosjektet eit solid økonomisk grunnlag som mellom anna gjer at Hegdal kan reise rundt for å fortelje om satsinga. No står 33 skular på vent for å få ein eigen lab.

Men Hegdal må skuffe dei som sit utanfor Rogaland fylke og ventar på napp, det er ikkje kapasitet til å drive dette på landsbasis.

- Vi foreldra gjer dette gratis, ingen av oss har det som jobb. Å satse landsdekkjande blir for stort.

## UBYRÅKRATISK

- Burde ikkje Kunnskapsdepartementet eller Utdanningsdirektoratet tatt over og vidareført TeknoLab som ein del av Kunnskapsløftet?

Hegdal er ikkje sikker på om det berre er ein god ide. Rett nok er det sikre midlar og etablerte system å lene seg til i det offentlege, men ting tar for mykje tid.

- Eit viktig element i TeknoLab-prosjektet er at foreldra er med, og nyttar sine ressursar innan "realfag" på ein annan måte enn kva me tidlegare har gjort. Dette elementet vil me miste viss departementet skulle overta TeknoLab-prosjektet.

## Teknolab

Stiftinga Teknolab er eigd og blir drive av foreldra ved Madlavoll skule.

Skular i Rogaland kan søkje om å få utstyr til ein Teknolab. Dette er gratis.

Ved hjelp av digitalt utstyr lærer elevane om robotar, energi, IKT og mekanikk.

På Madlavoll skule er også lego ein vesentleg del av Teknolab, og skulen har delteke i fleire First Lego League-tevlingar.

Kjelde: [www.teknolabskole.no](http://www.teknolabskole.no)

## Industrikultur

# Prisgitt konsernet



TAPPING: Nær fem tonn ferrosilicium blir tappa frå omn fire hos Elkem Bremanger. Smelteverksarbeidarane i Svelgen kan det å koke metall, ein kompetanse som er gull verdt i Elkem si satsing på solceller. (Foto: Sigbjørn Høidalen)

**I Bremanger ser dei seg ikkje attende. Samfunnet kan stå og falle på om Elkem neste år vedtek å produsere solcellesilikon i Svelgen.**

SIGBJØRN HØIDALEN  
sigb-ho@online.no

I kommunevalkampen i Bremanger har Arbeidarpartiet tura fram. Ordførar Kåre Olav Svarstad (Ap) har i fire år ropa om vegmidlar og levelige kår for industrien. Det betalar seg på ein ein-sidig industristad. Med Svarstad i spissen gjekk partiet i haust fram frå 41,2 til 48,1 prosent av stemmene, om lag det Gerhardsen nådde då han var på høgda, for 50 år sidan.

– Eg tar valresultatet som eit teikn på at folk er nøgde med den jobben som er gjort. No gjeld det at Elkem byggjer den nye solarfabrikken sin i Svelgen, etter at dei la den første til Kristiansand. Det er tale om ei investering på tre milliardar kroner, og vil ha enormt mykje å seie for kommunen, slår Svarstad fast.

Han viser til ei stygg utvikling. På 30 år har folketalet minka frå 5500 til under 4000. Den største knekken kom i 1982 då Elkem la ned jarnproduksjonen. I 25 år har industriherrane hatt overflod av arbeidsfolk i Bremanger. No fryktar kommuneleiinga det motsatte argumentet. At Elkem trur det ikkje er mulig å rekruttere nok fagfolk til solarproduksjon her inne i den vesle fjordarmen oppe på det forblåste nordvestlandet.



INDUSTRIEN SIN SKRAPHAUG: Industrierbeidar Lars Olav Rylandsholm i kjellaren til Svelgen hotell, der noko av industribistoria i Bremanger ligg lagra. (Foto: Sigbjørn Høidalen)

## GAMLE MINNER

I eit kjellarrom på Svelgen hotell, i kommunesenteret i Bremanger, rotar Lars Olav Rylandsholm i gamle minner. På golv og hyller ligg det lagra bilete, plan-sjar og utstyr frå då industrieventyret starta i Bremanger, med den første kraftutbygginga i 1917 og rujarnsproduksjonen frå 1928. Ei plansje syner korleis det vidgjetne Bremanger OB, eit superreint råjarn, blei framstilt ved å blåse oksygen gjennom smelta.

– Svelgen er kanskje den minst kjente av dei store industristadene i Noreg. Det er litt rart, for i Svelgen er det utvikla mykje banebrytande teknologi. Det var blant anna her dei fekk den revolusjonerande søderbergelektroden til verkeleg å fungere, fortel Lars.

Han trur det kan ha å gjere med at ting har gått stille for seg.

– Det har ikkje vore dei store slaga her, seier han.

Utviklinga har gått i ymse sprang. Frå ei hylle plukkar Lars ned ein hjelm.

– Då Christiania Spigerverk kom inn som eigar i 1955, fekk dei tilsette pålegg om å gå med hjelm. Far min var ein av dei som ikkje lika det. Ein annan som heitte Kalle, Karl Mundal, greidde å få legerklæring på at han ikkje måtte gå med hjelm. Det var noko med nakemusklane.

## FRAMSTEGSTRUA

Lars Olav Rylandsholm har fått kommunen sin kulturpris, for blant anna eit all-sidig lagsarbeid, og verket si gullklokke. I ungdommen starta han å studere arkeologi, geologi og etnologi i Bergen, men reiste heim att til Svelgen for å skjøtte sjuke foreldre. Sidan 1980, då dei gylne åra for industrien var på hell, har han jobba fast ved Elkem Bremanger.

– Kva gjer Bremanger for å ta vare på industrihistoria?

– Ikkje mykje. Kring 1990 var det i gong eit nærmiljøprosjekt her, og i 1995 var eg med å gi ut eit hefte om Svelgen si historie frå gardssamfunn til moderne industristad. Då var me òg nokre som jobba for å få til eit industrimuseum. Ein del gamle ting er lagra her i kjellaren på Svelgen hotell, men prosjektet ligg heilt dautt no, forklarar Lars.

Han meiner kommunen og verket må syne ny interesse for å få arbeidet i gong att.

– Verket driv ein konstant ryddekampanje. Og ungane i skulen kjenner lite til industrihistoria vår.

Det einaste synlige industriminnesmerket i Svelgen sentrum er ei byste av

Gunnar Schelderup, anonymt plassert utanfor det slitne samfunnshuset. Schelderup har òg fått hovudgata i Svelgen oppkalla etter seg. Alt dette på grunn av at mannen var direktør i Christiania Spigerverk og sjefen for dei gode tidene. I Bremanger sytte Schelderup for at omn to stod ferdig i 1956 og omn tre i 1958. Direktøren sitt slagord var progressivt og ikkje mynta på kulturhistorisk grubleri: "Stillstand er tilbakegang".

## BRENNHEITT

Ryk og reis seier Svelgsfossen, der den brusar kvit ned mot fjorden over devonske sandsteinslag. Det meste av vatnet tek likevel snarvegar ned mot kraftturbinar inne i fjellet. I motsett retning er det stadig tunglasta trailerar som slit seg opp den svingete og bratte kleiva over heia mot ferga Isane – Stårheim. Der går ruta vidare mot Stryn og Europa.

– Hovudprodukta våre er siligrain, som blir bruka mest til elektronikk, og ferrosilicium, eit slags krydder i støypejarn, forklarar sivilingeniør Vegard Olsø inne på verkstomta.

– Dette er kvalitetsprodukt som dei ikkje kan lage kor som helst i verda, held han fram.

I omnshuset går det slag i slag, skift etter skift. Dei varmar opp omnane til 2000 grader, tilset ingrediensar og rører rundt i blandinga med ei traktorstyrt sleiv. Det heile får godgjere seg eit par timar før den nærare fem tonn tunge smelta blir tappa over i ein skjenk så gneistane fyk. Så følgjer prøvesmaking, justering og fylling i former. Me talar om elektrokjemisk grovbakst. Dette er noko dei kan i Bremanger.

– Me har høg kompetanse. Snart startar Elkem den første solarlina i Kristiansand. Drøssevis av folk der har vore hos oss for å lære dei avanserte smelteteknikkane, seier Olsø.

Han trur ikkje Elkem Bremanger er ferdig med det første.

Sjølv kjem den unge sivilingeniøren frå Trondheim by og har studert metallurgi ved universitetet. For sju år sidan fekk han jobb ved Elkem Bremanger og flytta til Svelgen.

– Korleis er det å bu her?

– Når folk i Trondheim spør meg korleis eg trivst, svarar eg "æ e' no her enda".

## Elkem Bremanger

Elkem Bremanger smelteverk ligg i Svelgen, kommunesenteret i Bremanger kommune nordvest i Sogn og Fjordane.

Produserer silisium og ferrosilicium. Har kring 145 tilsette, vel 200 inkludert faste tenesteleverandørar i Svelgen.

På byrjinga av 1970-talet hadde verket vel 520 i fast arbeid.

Neste år avgjer Elkem om selskapet skal byggje ei produksjonsline for solcellesilikon i Svelgen.



## Industrikultur

Sauda Fabrikkarbeiderforening (SFAF):

# - Vegskilje for Folkets Hus

**På Folkets Hus i Sauda sit ein med ryggen mot bondekulturen. No kan huset bli det første av sitt slag som får vernestatus i landet.**

JUDITH SØRHUS LITLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Det knirkar i trappa før dørene til salen på Folkets Hus opnar seg. Rommet ber preg av å vere nakent og henta frå ei anna tid. Stolane av røyr og finør som står i stablar heilt der bak fortel historia om dans på Folkets Hus, om folkemøte og teaterframvisningar. Den vetle scenen ligg i halvmørkeret, akkurat så malingslitt at den fritt kan fortelje om Reidar Brendeland som har trødd takten, små barneføtter som leikande har sprunge over scenekanten og den engasjerte talareren som har teke i bruk meir enn språket for å agitere. Veggene rundt scenen er eit einaste stort måleri. Der kan du fylgje historia fram mot det industrielle og effektive Sauda – alt gjennom levande bilete. Bak i rommet har kunstnaren målt bondekulturen. Det dei la bak seg skulle saudabuen sitje med ryggen mot.

- Det var nok ein tanke bak det ja, seier leiara for Sauda Fabrikkarbeiderforening (SFAF), Jens Jensen.

Det handlar om atmosfære, klasse-skilje og arbeidarkamp.

### VIL VERNE

“Nye Sauda Folkets Hus” vart bygd i 1931. Det vart bygd Folkets Hus i bygda allereie i 1924 – men det vart etter få år for lite. Dermed starta ein arbeidet på nytt. Huset er på 450 kvadratmeter og ligg midt i Sauda Sentrum. Konsepsjonsvilkåra for “Saudefaldene” i 1916 sa at utbyggar kunne stille med tomt og material – slik vart det tradisjonsrike huset bygd.

- Men arbeidet er gjort av arbeidarar – på dugnad, slår Jens Jensen fast.


I dag sit Sauda kommune med driftsansvaret medan Fabrikkarbeiderforeninga har ansvaret for vedlikehald.

- Me kan nok ikkje fortsetje med det. I dagens samfunn er ikkje dette hovudoppgåva vår, seier leiaren i foreininga og legg vekt på at både kommunen og fylket må bidra for å halde oppe vedlikehaldet – dersom ein ikkje får vernestatus av huset – det er nemleg målet til Jensen og resten av SFAF.

- Dersom ein får til ei verning kjem ein inn i budsjettet til Riksantikvaren. Då er huset redda for framtida.

### HUS MED MANGE EIGARAR

Saka om vernestatus har allereie vore ute på høyring. No er det opp til Rogaland fylkeskommune før saka eventuelt går vidare til Riksantikvaren.



Jens Jensen og SFAF meiner Folkets Hus framleis har sin posisjon i industribygda Sauda. No håpar dei på verning av huset. (Foto: Judith Sørbus Litlehamar)

- Me vil verne huset, men me vil også ha eit levande hus. Det skal brukast.

I dag vert huset brukt som kulturhus og forsamlingshus for bygda. Tida då ein anten gjekk på bedehuset, Klubben som var samlingstova for dei privilegerte på fabrikk eller Folkets Hus er over. No finn ein i følgje Jensen både prestar og direktørar innanfor veggane og klasse-skiljet er tilbaketrukket.

- At huset ofte kan bli for lite, forstår eg også, seier Jensen men viser likevel til at ein må bygge nytt skal ein få ei større storstove for kulturen i bygda. Folkets Hus skal bestå som det er.

- Det er historia som har bygd det heile opp. Ein må hugse på at huset har så mange eigarar, så mange sjeler. Ein får ikkje så lett framskritt dersom ein ikkje har historia med seg, slår han fast.

### ALTERNATIV FEIRING

Jensen trur framleis Folkets Hus har ei sterk stilling i bygda, sjølv om han ser at ungdommen vert trekt mot andre ting. Agitasjonen og viljen til å slåss er ikkje så synleg som før. Likevel er huset framleis fylt på 1. mai.

- 1. mai var større enn 17 då eg vaks opp. I dag trur eg ein må leite etter al-

ternative måtar å feire på, ein må ikkje einsidig agitere på eit problem. Eg likar å overraske litt, ikkje minst i val av talarar. Og me må få ungdommen med, la dei få uttale seg fritt.

Sauda Fabrikkarbeiderforening har i dag om lag 230 medlemmer, av desse

### Sauda Smelteverk

Vert i dag drive av det franske firmaet Eramet Norway. Smelteverket produserer i dag Ferromangan i form av lavkarbon, mellomkarbon og høykarbon. Bygginga av verket byrja i 1915. Tidlegare eigarar har vore Union carbide Corp og Elkem. Vert rekna som Europas største smelteverk og er kjent for å vere ein av dei einaste i verda som kan produsere metall i så rein og god kvalitet. (Kjelde: Wikipedia)

arbeidar om lag 190 i Eramet. Jensen meiner dei viktigaste sakene for arbeidarkampen i Sauda og SFAF i dag er å få til ei langsiktig trygging av arbeidsplassane i bedrifta og å kjempe for langsiktige og trygge rammevilkår.

- Dei vilkåra er viktige dersom ein i framtida skal ha industri i Norge. Det er slutt på at me krigar mot eigarane, i dag slåss me mot styresmaktene.

SFAF vil også arbeide for å utvide helga for den som går skiftarbeid, i dag startar ikkje helga i følgje arbeidsmiljølova før kl. 12 laurdag.

- Det er helseskadeleg, det er bevist at forholda for ein skiftarbeidar er ti år kortare levetid, seier Jensen.

### Nynorsk



mediesenter

Nynorsk mediesenter er eit kurs- og opplæringscenter for nynorsk i radio, fjernsyn og på Internett. NRK driv senteret i Førde. Føremålet med kursverksemda er å gje deltakarane kunnskap om og trening i media og nynorsk.

## Kunsten å skrive for Internett

Er du usikker på korleis du skal formulere deg når du skal legge ein tekst ut på Internett? Eller kanskje det er vanskeleg å vite kva som fungerer eller ikkje? Prøv kurset “Kva kan vi lære av tabloidane?” Her får du innføring i dei viktigaste prinsippa for skrivning på nett, samt personleg oppfølging og trening. Ta kontakt med oss, og vi skreddarsyr eit opplegg.

[www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no). Wenche Eikum, tef. 57 72 42 42 .

## Industrikultur

## Kva no, Odda?



Frontane har stått til dels sterkt mot kvarandre i spørsmålet om verdsarvsstatus. (Foto: Toyni Tobekk)

**Odda kommune ønske å få det nedlagte smelteverket inn på Unesco si verdsarvsliste, men no har folket ombestemt seg.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.com

Dette har skjedd: Våren 2003 gjekk det 97 år gamle smelteverket i Odda konkurs. Kommunen var prega av at hjørnesteinsbedrifta har lagt ned, men smått om senn byrja ein å sjå seg om etter alternative bruksmåtar fabrikk. Tanken om å verne breidde seg, og til slutt påla Riksantikvaren eit førebels vern av tomta og fabrikk.

#### SA JA

I 2004 sa eit nesten samla kommunestyre ja til å jobbe for å få fabrikk nominert til Unescos liste over natur- og kulturstader som er av særleg verdi, den såkalla verdsarvslista. Berre ein stemte i mot.

Frå då av blei det jobba med å få Odda, Tyssedal og Rjukan serienominerte til verdsarvslista. Første steg var få staten til å ta ansvaret for å få desse inn på den tentative lista, den lista som fortel Unesco kva den einskilde nasjo-

nalstat ønskjer å fremje til verdsarvslista. Miljøverndepartementet var positive til utspelet frå Odda, Tyssedal og Rjukan.

#### SA NEI

Men noko hendte undervegs. Då saka kom opp på ny i 2006, var stemninga blitt ei anna, og ja-fløytale i Odda var knapt.

LO byrja å engasjere seg. Dei var ikkje nøgde med vernet, midlertidig eller ikkje, og dei fekk brorparten av Ap med seg og kravde ei folkerøysting.

10. september i år, etter mange, lange og til dels opprivande debattar, gjekk folket til urnene. 51 prosent av dei som røysta sa nei til å jobbe vidare med Unesco-søknaden.

Så langt, så godt. Eller?

#### DREG UT I TID

Resultatet av den rådgjevande folkerøystinga skulle vore handsama av sitjande kommunestyre, sidan det var dei som i si tid bestilte folkerøystinga. Men ordførar Toralv Mikkelsen frå den vesle ja-fløyen i Arbeidarpartiet, seier saka er meir komplisert enn som så.

- Før vi kan gjere noko meir, må vi sluttehandsame reguleringsplanen for smelteverkstomta, og denne planen har

fylkesutvalet sagt dei vil fremje motsegn mot.

Fylkestinget ønskjer nemlig eit endå sterkare vern enn reguleringsframlegget legg opp til, og det er ein tanke Mikkelsen er samd i.

Ei motsegn ønskjer dessutan kommunen ikkje å ha mot seg, då vil ein ofte prøve å kome til ei ordning som både fylke og kommune kan godta. Det tar tid. Derfor blir folkerøystinga truleg handsama av det nye kommunestyret som startar sitt virke 7. november.

#### BLI FERDIG

No har Odda hatt denne saka hengjande over seg i lang tid, det er på tide å bli ferdig, meiner Nils Johan Ystanes, lokal LO-leiar og nei-mann.

- Folket har talt. Det må politikarane respektere.

- Dette området er det einaste sentrumsnære arealet i Odda som kan brukast til nyskaping, og det har stått på vent i snart fem år, held Ystanes fram.

- Det er ikkje slik at vi for ein kvar pris ønskjer å rive heile ruket, slik det har blitt framstilt. Men Odda taper 100 innbyggjarar i året, vi er nøydd til å skape nye arbeidsplassar fort.

#### ANGRAR

Dei fleste partia har sagt at dei vil følgje resultatet av folkerøystinga, men det gjeld for dei politikarane som sit no. Det nye kommunestyret har teoretisk sett ikkje same bindinga på seg, seier ordførar Mikkelsen, sjølv om han ikkje vil forskottere noko resultat.

- Flesteparten av dei som stemte nei på folkerøystinga, var mellom dei som førehandsrøysta, peiker han vidare på.

Etter valet blei det nemlig spekulert i at folk som førehandsrøysta og sa nei, har angra seg i ettertid.

- Eg trur det kunne blitt eit ja-fløirtal blant folk viss folkerøystinga hadde vore på eit seinare tidspunkt, meiner Mikkelsen.

#### VENTAR PÅ ODDA

Miljøverndepartementet ønskjer ikkje å kommentere utfallet av folkerøystinga i Odda, men dei peiker på at Unesco legg vekt på lokal tilslutning i ein nominasjonsprosess.

Departementet gjer heller ikkje noko med denne saka no, opplyser rådgjevar Siri Kloster i departementet. - Vi avventar Odda kommune sitt standpunkt.

Dette handlar uansett ikkje berre om Odda.

- Den søknaden som Miljøverndepartementet og Riksantikvaren ønskjer å fremje, er ein felles søknad for Odda, Tyssedal og Rjukan, understrekjer ordførar Toralv Mikkelsen.

## Odda og Unesco

Deler av fabrikkbygga og nokre tekniske anlegg som til dømes ein smelteovn er føreslått verna. Argumentet for smelteverket er at det er eit industrikulturminne av einestående universell verdi.

Ja-sida meiner verdsarvsstatusen kan nyttast til å auke Odda sitt omdømme utover kommunegrensene og at vernet heller stør opp om næringsutvikling snarare enn å utelukka det.

Nei-sida meiner Unescosøknaden spenner bein for næringsutviklinga og er kritiske til at fire år er gått utan at noko nytt har skjedd på smelteverkstomta.

Frå før står desse norske stadene på verdsarvslista: Bryggen i Bergen, Bergstaden Røros, Helleristingane i Alta, Urnes stavkyrkje, Vegaøyane i Nordland, Geirangerfjorden, Nærøyfjorden og Struves meridianboge i Hammerfest.

# Industrikultur

## Litterært klasseskilje

**Per Sivle skreiv vår første arbeidarroman "Streik". Seinare kom Kjartan Fløgstad og Frode Grytten.**

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no



i nyare norsk litteratur. Som Fløgstad og Hovland skildrar han eit samfunn fylt av B-kultur. I "Bikubesong" fortel han om bebuarane i ein arbeidarbustad i Odda med alt det som høyrer til. Blokka har 24 husvære, Bikuba er blokka og alle stemmene vert ein slags song. Per Sivle (1857 - 1904) skreiv vår første arbeidarroman, "Streik", ein sterk politisk roman som viser arbeidarens kamp for sine rettar i samfunnet. Steinkastande demonstrantar vert brutalt slått ned med militærmakt.

Kjartan Fløgstad  
(Foto: Hans Jørgen Brun)

Ein person vert skoten, to døyr av bajonetstikk. Den dramatiske streiken blant sagbruksarbeidarane i trelastbyen Drammen i 1881 fekk ein tragisk utgang. Det er denne streiken som er utgangspunktet for Per Sivles "Streik" som kom ut ti år seinare. I år, 150 år etter at han vart fødd, vert Sivle heidra med ein ny biografi, skriven av journalisten Alfred Fidjestøl.

- Erfaringa frå den industrielle moderniteten er det viktigaste utgangspunktet for forfatterskapen, som i stor grad har dreia seg om kultur møte og språkblanding, sa Kjartan Fløgstad (63) ein gong om seg sjølv.

Fløgstad er truleg den mest kjende forfattaren som har skreive om industri-samfunnet, om økonomisk og teknisk utvikling av små kraftstader, og kva som skjer med dei som veks opp og lever i klasseskilje og fabrikkroyk. Industri-samfunnet og hans eigne erfaringar frå heimbygda Sauda er blitt varemerket på litteraturen hans. Fløgstad gav i 1977 ut "Dalen Portland" som seinare er blitt sjølvve biletet på litteraturen som baserer seg på den norske arbeidarklassen si utvikling og det sosialdemokratiske velferdssamfunnet. Han rettar også blikket opp og utover vestlandsfjorden for å vise til korleis industriarbeidarar og sjøfolk vert deltakarar i ein internasjonal økonomi. Litteraturen er tufta i ein sterk identitet. Heimbygda Sauda er bytta ut med fiktive Lovra, men atmosfæren og miljøskildringa er ikkje til å ta feil av.

Professor i nordisk litteraturvitenskap ved Universitetet i Agder (UIA), Andreas G. Lombnæs, meiner romanen som sjanger har eit fortrinn for å tolke sosiologiske forhold i samfunnet.

### LITTERÆR REORGANISERING

- Det er klart at industrien og fabrikkene truleg viser til eit fenomen i samfunnet, sjølv om fabrikkene også kan vere eit bilete på ein slags livets labyrint, meiner han. Lombnæs ser også ein tendens til å idealisere eit nytt og veksande fellesskap, som arbeidarklassen.

- Kanskje ser me det best hjå Kristoffer Uppdal som skildra samfunnet frå bonde til industrisamfunn. Der rallaren nesten vart ein slags kristusfigur, meiner han.

Kristoffer Uppdal (1878 -1961) skildrar gruve - og rallarmiljøet. Han fortel om oppbrotet frå bondesamfunnet og skaper ein slags reorganisering av både det politiske og det sosiale miljøet. Slike trekk ser ein også hjå Fløgstad.

I følgje Lombnæs handlar det om ei idealisering av noko som i dag kanskje er tapt, av solidaritet og fellesskap.

- Me lever i eit postindustrielt samfunn der solidariteten må ta nye former.

- Er arbeidarromanen ein samfunnsaktør?


- Ja, for det første er jo romanen ein samfunnsaktør ved å vere ein bestseljarroman, men det er også ein form for å drive samfunnskritikk, seier han og viser til at kriminalromanen truleg er den romanen som har vidareført desse tankane best. Ein tanke som i dag av mange vert sett på som eit historisk begrep.

### DEN FØRSTE ARBEIDARROMANEN

Det er blitt sagt at Odda-forfattar Frode Grytten høyrer til i ein Vestlands-skule

# Mot nye mål

11.500\* unike brukarar  
169.000\* sidevisingar i veka  
Oppdatert kvar dag



24.000\*\* lesarar  
måndag tysdag onsdag  
torsdag fredag

= større dekning

lokalnyhende fra tynesnes bom og kvinnerad

...komitee er  
...situasjon at for å l  
...nye ting, m  
...na. Dette sk  
...e komment  
...apsrapporter  
...Han pekar på at  
...ske analyse  
...ner at presse  
...te teneste  
...vesteringsniv  
...n fører til at det  
...amt, og prior  
...Sveio komitee  
...ert mykje. De  
...nskeleg å legge  
...vester eller  
...hanfor det rammer  
...er tildelt utan at e  
...era vekk andre ten  
...rapporten g  
...n rapporten  
...grunn til uro. Både  
...forhalda fram  
...rt sett i gang siter  
...ten og følg  
...erlegare til  
...Mellom det  
...p til, er ein total gje  
...alle tenesteeminge  
...på å få fram  
...sial. I dette be  
...ra retta se  
...tingar som  
...neskapsutvi  
...n vil og kart  
...på eininga  
...ika omslitt  
...råsjå til at de  
...rdering av ledige s  
...ysing av desse  
...erne delegasjonsr  
...al gjennomgåst  
...edell for tild  
...sar til skul  
...beidet med a  
...ministrativ  
...på å frigje  
...da fram.  
...Det går v  
...frå  
...apira at dette er  
...ed sjølvstyrte  
...nsippet er at ein s  
...g resultatet i es  
...annen er kom  
...rat  
...g, men den krev  
...n totalt sett g  
...krev enno st  
...ar  
...iplin.  
...Tala for først  
...erforbruk på til  
...llionar kroner. Ra  
...barnehage  
...e  
...ak på 3,1  
...for  
...ma opp i 3,7  
...so  
...rt gjort kost  
...rinn  
...område helse o  
...ner overforbruk på  
...og vil kunna kort  
...som det i  
...dringar. På  
...atteinnkoma  
...ka,  
...ste halvår.  
...reskøyta «H  
...i Fjeldøy  
...i 04, men er snar  
...no ikkje f  
...i  
...ss kommun  
...i  
...ellom anna tvang  
...000 kroner  
...Saka har vore flei  
...mmunen etter det  
...vart vurdert saka  
...ner. Eigaren kl  
...vedtaket.  
...nde difor saka  
...annen i vint  
...Der  
...e månader  
...ne fekk til svar i  
...ne saka er i  
...De F  
...n klageinstans  
...n sjølv kan avgjer  
...n dette med direk

\* I snitt pr. veke \*\*Gallup 1/2007



## PORTRETTE

# Svingar sverdet for barn

**Ho fekk med seg litteraturen og språket frå barndomen på Midtbø. Sjølv vart Guri Vesaas (68) fanga av barne- bøkene og Samlaget. No er ho ein ekte riddar.**

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Ein kunne høyre ein ekstra streng i stemma hennar då ho las dikt ved foreldra si grav på kyrkjegarden i Vinje. Regnet slo i bakken då ho rak i ryggen sette tonen for minnemarker- ringa etter Halldis Moren Vesaas, med høgtlesing av mora sin eigen lyrikk. Guri og broren Olav skilde seg ut frå dei andre, der dei sto nærast grava, iført telemarksbunad og stoltheit i blikket. Båe representerer dei også den litterære arven frå foreldra, han som forfattar, ho som forlagsredak- tor og omsetjar. Mange har nok møtt henne under psevdonymet Hanna Midtbø, under dette namnet omsette Guri om lag 50 barnebøker til norsk.

### SET SPOR ETTER SEG

Ho er stille, men ho smiler. Guri Vesaas er ikkje den som brautar seg fram eller tek stor plass. Likevel mer- kar ein det når ho er til stades.

- Eg må få helse på og gratulere, var den gjengse kommentaren frå folk rundt henne då ho gjekk frå gravplas- sen. Og likså ofte braut ho sjølv ut: eg må berre få helse på, berre ei lita stund.

Guri Vesaas er eit menneske som set spor etter seg og som folk legg merke til.

- Det var vel fortent, sa folk og sikta til St. Olavs Orden som ho nyleg vart heidra med.

- Å, eg veit no ikkje det, svara pris- vinnaren lunt medan ho rista leande på hovudet.

### IKKJE LOV AV KONGEN

- Eg hadde ikkje noko prinsippielt syn på dette med ordenar, så eg takka nå ja, før eg klarte å mobili- sere noko motstand i grunn, ler ho. Men til trass for at det heile var noko fjernt: stas var det likevel.

Markeringa i Vinje er tilbaketil og Guri er attende i tigerstaden. På tele- fon ynkar ho seg litt over all merk- senda som fylgde med den gjeve prisen, men fell likevel til ro med tanken på at forslaget kom frå forfat- tarane sjølve.

- Det er takka vere dei eg har fått gjort denne jobben. Eg tenkte eg

skulle sende ordenen rundt på omgang mellom dei, men det får eg visst ikkje lov til av kongen, seier ho latterfullt.

### EI NY TID

Guri vart utnemnt til Riddar 1.klasse av St. Olavs Orden for sin innsats for barne- og ungdomslitteratur gjennom arbeidet sitt i Det Norske Samlaget. Truleg ikkje så overraskande etter 40 år som forlagssjef. I sommar fekk ho også prisen som Årets nynorskbrukar under Dei Nynorske Festspela.

- Eg var om lag gift med jobben. Det vert slik når ein er oppslukt av arbeidet og ingen ventar heime, seier ho sjølv.

Ei e –post adresse med Samlaget som mottakar avslører at ho framleis ikkje heilt har slept taket.

- Eg har lese manuskript i 40 år. No er eg spent på om eg klarer å lese bøker for moro, eg kjenner at livet som pensjonist ikkje heilt har byrja nei.

Likevel opnar den nye tida for noko annleis i livet. Ho er glad i å reise, favoritten er Italia. No vert det språk- kurs og truleg meir reising.

### DET MODERNE SAMLAGET

Guri Vesaas var ung og studerte språk på universitetet. Noko ho ikkje visste kva ho skulle bruke til, men etter kvart kom ho i kontakt med Samla- get, og byrja å gjere noko korrektur og omsetjing for dei. Det var starten på eit yrkesliv med barnelitteratur og det nynorske språket.

- Eg kom inn i Samlaget i 1966, då Johs Aanderaa var sjef og i ferd med å skape det moderne Samlaget. Før han vart tilsett var "forlagskontoret" ei rosemåla kiste som gjekk på omgang mellom dei ubetalte medarbeidarane. Johs derimot hadde mange visjonar som var retta mot å skape ny og moderne skjønnlitteratur for både vaksne og barn. Han tok sjansar og var driftig.

Guri kom inn i den nystarta skule- bokavdelinga, der vart ho redaksjons- sekretær for eit nystarta tidsskrift med namn: Vår Samtid. Tidsskriftet vart kalla veslebroren til Syn og Segn, det som Syn og Segn var for elevane i vidaregåande skule skulle Vår Samtid vere for dei som gjekk på ungdoms- skulen. Nokre år seinare kom ho over i bokredaksjonen.



# Barnelitteraturen

## KVALITETSBØKER FOR BARN

- Det var ei spanande tid der ein trekte til seg nye forfattarar, som Einar Økland, Eldri Lunden og andre i det såkalla Profil - miljøet. Elles var sjølv sagt ein viktig del av arbeidet i Samlaget konsentrert om den norske kulturarven, og om å overføre både klassiske og moderne utanlandske verk til nynorsk.

Etter kvart vart det barnebøker som skulle stå henne nærast. På byrjinga av 1970-talet bestemte Samlaget seg for å satse på barnelitteraturen – det var ei tid der barna sine rettar og behov var i vinden – Samlaget måtte ta eit val – anten måtte ein auke satsinga eller legge ned.

- Eg meinte jo at det einaste rette var å satse; om ikkje barn får gode bøker på sitt eite mål, kan ikkje nynorsken overleve.

## SIGLANDE BOKMÅLSORD

Guri er klokkeklår når ho held fast på forfatternen si rolle for å halde nynorsken levande.

Ho har sett forfattarar som ikkje finn sin eigen identitet og si indre stemme før dei byrjar å nytte nynorsk, trass i at dei har hatt bokmål på skulen.

- Den nordnorske forfatternen Eva Jensen sa ein gong at ho ikkje kunne dikta om ho ikkje fekk skrive "rauk" og "fauk", minnest ho.

Nynorsk er eit betre språk, meiner Guri og viser til det ikkje er så fullt av klisjear som bokmål – det er eit språk som ikkje er brukt så mykje trivielt. Men det er ein evig kamp for å halde unna alle bokmålsorda som melder seg når nynorskingar skal skrive.

- Språket er forfatternen sin viktige reiskap, men det er vanskeleg når bokmålet kjem siglande. Ein må prøva ut, snu og vende på ting

for å finne att dei gode nynorskorda, eller for å skape nye.

## DEN SAME VEGEN

Ho har fått spørsmålet før. Om barndommen på Midtbø, med mor Halldis og far Tarjei la nokre føringar for vegen vidare i livet. Om litteraturen vart det einaste moglege valet. Ho svarer som ho alltid har gjort, nei, det var verken press eller føringar. Barndomen var fri, trygg og god, seier ho. Seinare fekk ho høyre: "ja, du skal vel bli forfattar du?". Heime sa dei aldri det.

- Verken eg eller Olav har gått denne vegen målretta, men det er vel kanskje slik at epla ikkje fall så langt frå stammen likevel, smiler ho.

## Språkråd



Jan Olav Fretland -  
første-amanuensis i norsk -  
medlem av Norsk språkråd

## Strammare og enklare nynorsk

13. september gjorde styret i Språkrådet eit vedtak som kan bli historisk:

"På grunnlag av utgreiinga om nynorsknorm i 2003 set styret i gang arbeidet med å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer." Etter planen skal Språkrådet levera eit framlegg til ny nynorsknormal våren 2009. I denne normalen skal altså systemet med sideformer takast bort, og valfridommen i rettskriving og bøying skal gjerast mindre. Dei første fy-erklæringane er alt komne, som "Framtida for nynorsken avgjort av eit styre på sju" (Turid Kleiva og Aud Søyland, Dag og Tid 39/07).

Kvifor har me i Språkrådsstyret valt å trakka i dette kvesebolet? Jau, me trur rett og slett at i 2007 trengst det ei tydelegare og enklare norm for nynorsk enn me har i dag. Dei mange valfrie formene har opp gjennom tidene vore viktige i nynorsken på to måtar: Dei skulle gjera nynorsken talemålsnær i alle delar av landet, og ein skulle opna for fleire fellesformer med bokmål. No er målet om at bokmål og nynorsk skal nærma seg kvarandre, samrøystes teke bort av Stortinget. Tilnæringsargumentet gjeld såleis ikkje lenger. Me ser og at det held på å utvikla seg ein slags midtnormal for nynorsk, som blir brukt i hovudstaden, men og i mange lokalaviser og i kommunar langt inn i vestlandske fjordarmar. Samstundes kjem det ein god del klager frå skulehald om at det er vanskeleg å læra bort nynorsk, fordi "alt" er lov. Eitt synspunkt som styret har lagt noko vekt på, er at den største gruppa av nynorskbrukarar, dei som har nynorsk som sidemål, treng ei enklare og tydelegare norm.

Fleire av oss som var med på vedtaket, har kjempa hardt for at nynorsken skal ha stor valfridom og vera open for alle. Etter kvart har me komme til å leggja meir vekt på at nynorsken må bli tydelegare, lett å kjenna att og enkel å læra bort. Me trur ikkje dagens nynorsk oppfyller desse krava. Då får me stå for det og finna oss i å få nokre stikk.

Eg trur ikkje framtida for nynorsken står og fell verken på formene i nynorsk eller på sju styremedlemmer i Språkrådet. Det er heilt andre, tunge samfunnskrefter som styrer utviklinga. Men ein forenkla nynorsk kan kanskje vera eit lite tilskot i positiv lei. Mange bekket små og så vidare ...

## Sjølvmelding

**Namn:** Guri Vesaas

**Alder:** 68

**Bur:** Oslo

**Aktuelt:** Er pensjonert forlagssjef i Det Norske Samlaget etter 40 år. Nyleg også utnemnt til Riddar 1.klasse av St. Olavs Orden.

**Språk:** Meiner nynorsken er viktig, og har spesielt kjempa for at borna skal kunne lese bøker på nynorsk.

**Les:**

Har lese manuskript i 40 år, no håpar ho på å byrje å lese bøker for moro skuld.

# Vil du bli betre?

Kor lang tid gjekk det frå du sende inn søknaden til du fekk svar frå kommunen din på den ?

- på dagen
- etter ei veke
- etter to veker
- etter tre veker
- fekk aldri svar



## Nettbaserte kartleggingsystem

eit effektivt, brukarvennleg og web-basert kartleggingsystem som behandlar til dømes brukarundersøkingar, arbeidsmiljø, kursevaluering osv. Svara er anonyme og resultatane blir tilgjengelege umiddelbart.

Du får fram grundige analysar med grafikk.

På denne måten kan du få fram nyttig informasjon, analysar og statistikk om kommunens oppgåver og utfordringar. Alt skjer på nett.

kontakt Bente Kjos-Wenjum 52790485  
bente@norsk-plan.no ynskjer du å vite meir

Norsk Plan - eit lite og fleksibelt konsultentselskap som kan informasjon og publiseringsverktøy

Norsk  Plan as

Næringsbedet i Vatlandsvåg  
4235 Hebnes

tlf 52 79 04 80

np@norsk-plan.no

www.norsk-plan.no

## Kronikk

# Utfordringar for nynorsken

**I nær framtid skal regjeringa leggje fram ei stortingsmelding om norsk språk og språkpolitikk der òg situasjonen for nynorsk vil verte drøfta. På same tid skal det leggast fram ein strategiplan for nynorsk i opplæringa. I denne samanhengen kan det vere på sin plass med nokre refleksjonar kring utfordringar for nynorsken i tida framover.**

## NYE BRUKSOMRÅDE

Ser vi på situasjonen for nynorsk i dag, får vi eit samansett bilete. På den eine sida står nynorsken formelt sterkt som eitt av to jamstelte språk i Noreg. Nynorsken er offisielt språk i mange kommunar og fylkeskommunar, vert brukt i ei rad lokal- og regionalaviser og i NRK, og har ein rik litteratur med framstående forfattarar som Jon Fosse og Kjartan Fløgstad. Det ser òg ut til at posisjonen nynorsken har fått på Vestlandet er med på å gi rom for nynorsk i nye bruksområde. Nynorsken er såleis eitt av dei 37 språka i verda som har fått brukargrensensnitt for verdas mest brukte dataprogramserie, Microsoft Office.

## MANGLAR INNPASS I MAKTGRUPPER

På den andre sida er der eit press mot nynorsken. Presset heng saman med at tilhøvet mellom nynorsk og bokmål ikkje er jambyrdig. Nynorsken vert ikkje berre mindre brukt enn bokmålet, men manglar òg innpass i viktige maktgrupper og språkbruksomene, særleg i økonomi, teknologi og populærkultur. Vi kan seie at nynorsken manglar ein komplett samfunnspyramide. Mykje av motstanden mot nynorsken vert difor instrumentell – nynorsken vert oppfatta som "unytig". Det har vi sett gjennom motstanden mot obligatorisk sidemålsopplæring. I tillegg kjem strukturelle utviklingstrekk. Det gjeld sterkare folkevekst i urbane bokmålsområde (særleg Oslo og i Rogaland) enn i nynorskområde og det gjeld omorganisering i offentleg sektor (som gjer bruksområdet for Mållova meir uklår). Også samanslåingar av bedrifter, skulekrinsar og kommunar utgjer eit press, av di nynorskkrinsen, nynorskbedrifta eller nynorsk kommunen ofte er den minste parten.

## POSITIVE

### MEININGSMÅLINGAR

Den samansette kombinasjonen av språkleg styrke og språkpress gjer det vanskeleg å gi eintydige vurderingar av situasjonen for nynorsk. Det ser vi òg når vi kjem til brukarstatistikken.

Pessimistane viser til den negative utviklinga i prosenttalet på elevane med nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen. Her har utviklinga gått frå kring 17 prosent av elevane i grunnskulen i 1990 til 15 prosent i 2000 og 14 prosent i 2006. Det må på same tid tilføyast at det absolutte talet på nynorskelevar har vore meir konstant, det har halde seg mellom 86000 og 90000, med ein liten minke dei siste åra. Årsaka til prosentfallet er hovudsakleg at folketalsauken har vore så mykje større i bokmålsområda. Utviklinga er framleis urovekkjande, men ikkje så dramatisk som ein kan få inntrykk av.

Optimistane vil peike på meningsmålingar. I ei måling frå 1995 sett i verk av Norsk språkråd vart 4105 informantar spurde: "Når du skal skrive i private sammenhenger - benytter du da som regel nynorsk, som regel bokmål/riksmål eller begge deler omtrent like mye?". Då svarta 12,4 prosent at dei nytta nynorsk - anten berre nynorsk eller at dei veksla mellom nynorsk og bokmål. (Det er rimeleg å kalle desse to gruppene for nynorskbrukarar.) Norsk Gallup stilte tilsvarende spørsmål i 2000 på vegner av Riksmålsforbundet. Resultatet var 13,8 prosent ny-

norsk. Den nyaste meningsmålinga vart gjort i april 2002 av Opinion for Nordisk språkråd. 1000 personar fekk spørsmålet, og 14,2 prosent kunne då karakteriserast som nynorskbrukarar. Eit tal på 14,2 prosent fordelt på folkesetnaden som heilskap svarar til kring 640 000 nynorskbrukarar.

Sjølv om vi skal vere varsame med å overføre prosenttal frå meningsmålingar til tal på språkbrukarar, tyder tendensen på at det ikkje er noko fritt fall i talet på nynorskbrukarar.

## SKULEN SVIKTAR

Ei viktig utfordring er likevel dei som skifter frå nynorsk til bokmål, særleg i løpet av ungdomsskule og vidaregåande skule. Det dreier seg om opp mot 1/3 av nynorskelevane. Rett nok tyder utrekningar gjorde av Ottar Grepstad på at det han kallar "den språklege lekkasjen" har vorte mindre dei seinare åra, og at fleire vert verandredre nynorskbrukarar. Språkskiftet er likevel alvorleg. Merkeleg nok finst det ikkje systematisk forskning om dei mekanismane som ligg til grunn for språkskifte. Truleg ligg dei fleste årsakene i det allmenne presset mot nynorsken. Samtidig er det grunn til å tru at skulen sviktar i å gi godt nok grunnlag for at nynorskelevar skal kjenne seg trygge som språkbrukarar. Dei mange utfordringane knytte til nynorsk i skulen er grunnlaget for at staten har oppretta Senter for nynorsk i opplæringa, og den komande strategiplanen for nynorsk i opplæringa vil vonleg kunne kome med forplikande tiltak for feltet.

Mange nynorskelevar slit med presset som er mot nynorsken, ikkje minst når det gjeld haldningar og identitet. Også mangel på nynorske læremiddel (både skriftlege og elektroniske) utgjer eit pressgrunnlag. Etter Opplæringslova skal nynorske læremiddel liggje føre til same tid og pris som læremiddel på bokmål, men det skjer diverre ikkje. Hausten 2006 var det fleire lærebøker som låg føre fleire månader etter skulestart, og det same ser ut til å vere tilfellet hausten 2007, utan at staten grip inn.

Obligatorisk sidemålsopplæring er fundamentalt for den språklege jamstilling ved at det er på den måten kunnskapen i baa målformer kan seiast å verte allmenn. Det har dei siste åra vore mykje merksemd om sidemålsopplæringa. Samtidig har vi lite systematisk kunnskap om tidsbruk, metode, motivasjon og læringsutbytte i sidemålsopplæringa.

Ei tredje utfordring i skulen gjeld elevane med innvandrarbakgrunn. Det er opna for fritak for sidemål for denne gruppa. Eit slikt generelt fritak har fleire problematiske sider, både når det gjeld integrasjon av innvandararar (nynorsk kunnskap er naudsynt for stillingar i det offentlege) og til sidemålsordninga generelt.

## UTFORDRINGAR I MEDIA OG NÆRINGSLEVET

Mange av utfordringane til nynorsken er knytte til det faktum at nynorsken ikkje er så synleg på alle område i samfunnet. Det er påfallande at ein i hovudstadsaviser som Aftenposten, Dagbladet og VG praktiserer eit redaksjonelt forbod mot nynorsk. Noregs Mållag hadde i 2005 aksjonen "Slepp nynorsken till!" og samla inn 36000 underskrifter for å få fjerna dette forbodet. På same tid ser vi ljospunkt t.d. ved at Oslo-avia Dagsavisen og damebladet Henne har gitt rom for nynorsk på redaksjonell plass.

Ved sida av media er næringslivet ei stor utfordring. Private bedrifter som Lerum og Drageset Spar har vist at ein kan gå over til nynorsk, og samtidig tene pengar, men mykje står att på det feltet. Vi ser elles at nynorsken ikkje tapar for engelsk, fordi dei språkbruksdomena det gjeld, er dei som er dominerte av engelsk.

Kva så med rettskrivinga? Språkrådet har hausten 2007 varsla ei gjennomgåing av norma i nynorsk, og truleg vil mykje merksemd verte retta mot normeringsspørsmål i tida framover. Likevel er det nok ikkje utsjånaden til nynorsken som er avgjerande for om nynorsken skal ha framgang eller ei.

## OFFENSIV SPRÅKPOLITIKK

Vi kjem ikkje bort frå det faktum at nynorsken er avhengig av målstrid og av offentlege støtteordningar. Det same gjeld andre mindretalsspråk, jamvel eit så stort språk som katalansk i Spania. Kvifor skal så fleirtalet akseptere det Kulturmeldinga kallar "positiv diskriminering" av mindretalsspråket? I ei fråsegn frå European Bureau for Lesser Used Languages heiter det at språket er ein del av arven til heile samfunnet, ikkje berre til dei som bruker det. Utgangspunktet er då at kulturelt og språkleg mangfald utgjer ein verdi, og at samfunnet som heilskap har ansvar for å halde mangfaldet ved like. Eit slikt perspektiv er treffande i høve til den norske språksituasjonen og til nynorsken. Dersom ein meiner at nynorsken og den norske språksituasjonen utgjer ein verdi for det norske samfunnet som heilskap, må ein òg vere viljug til å ha ein offensiv språkpolitikk.



Av Endre Brunstad

teksten har tidlegare stått på trykk i studentavisa Hubro (red.)

*Private bedrifter som Lerum og Drageset Spar har vist at ein kan gå over til nynorsk, og samtidig tene pengar*

## Kan det vera god kommuneøkonomi å bli heime?

Foto: Sol Nordland



Siren Vetnes Johannessen leiar HMS-prosjekta i Mandal Kommune.

I 2003 hadde sjukefråveret i Mandal kommune blitt så høgt at kommune-styret avgjorde at noko måtte gjerast. Med støtte frå KLP sette kommunen i gong eit omfattande HMS - prosjekt. Knapt 2 år etter at Nærversprosjektet blei starta opp, var sjukefråveret redusert med mest 30 %. Den positive trenden har halde fram. I desse dagar vert Tillitsprosjektet lansert, eit fire-årig pilotprosjekt der KLP også er med.

**SUMMEN AV MANGE SMÅ TING**  
Aktiv HMS - arbeid handlar om tiltak på mange plan. I Mandal får folk høve til jobbrotasjon. Alle tilsette som er heilt sjukemelde i meir enn 3 veker blir inviterte til ei samtale med Bedriftshelsetenesta. Folk i "faresona" får også tilbod om trening i arbeidstida. Det er til og med akseptert at folk i gitte situasjonar kan ha godt av å bli heime i staden for å gå på jobben. Ein tur i skogen, til dømes, kan vera helsebringande.

### INNSIKT OG KOMPETANSE

- Det er betre å vera vekke frå jobben ein dag eller to enn å havna på langtidssjukemelding. Poenget er at kvar ein skild tek ansvar for si eiga helse, seier Siren Vetnes Johannessen, leiar av prosjekta. Og legg til: - KLP har vore ein viktig støttespelar. Deira innsikt og kompetanse på HMS-området har vore ein av suksessfaktorane i Nærversprosjektet i Mandal.

I KLP trur me det er dei som "kjenner kvar skoen trykkjer" som veit best kva som kan hjelpe. Difor støttar vi kundedrivne HMS-tiltak og har bidratt i mange vellukka prosjekt innan førebygging, tilrettelegging og livsfasetilpassing. Berre i 2006 var vi involverte i 120 ulike HMS-tiltak. Les meir på [www.klp.no](http://www.klp.no). Me deler gjerne våre erfaringar og vår kompetanse med enda fleire.

**KLP**  
for dagane som kjem

## Mannspanelet:

# Oslo-dominert

**Fleirtalet av medlemmene i Karita Bekkemellem sitt mannspanel har adresse på det sentrale austland. Departementet opplyser at det ikkje vart teke geografiske omsyn då panelet skulle setjast saman.**

JUDITH SØRHRUS LITTLEHAMAR  
[judith@norsk-plan.no](mailto:judith@norsk-plan.no)



Barne- og likestillingsminister Karita Bekkemellem sitt mannspanel har ein sterk konsentrasjon på det sentrale austland. (Foto: Mona Nordøy)

Etter at Jan Kjørstad og Arve Juritzen takka for seg består no mannspanelet av 30 medlemmer. 23 av desse har adresse på det sentrale austlandet. Så langt LNK-avisa kjenner til bur 20 av desse i Oslo. Sidan mannspanelet er eit panel, og ikkje eit utval opplyser departementet at det ikkje er nødvendig å legge geografiske omsyn til grunn for utvelginga av deltakarar. Nord-Norge er representert ved Aslak Mikal Mienna frå Kautokeino, medan Martin Henriksen frå AUF er frå Harstad, men bur no i Oslo. I tillegg sit Robert Hermansen frå Svalbard i panelet.

### STØRRE LEGITIMITET

- Det hadde ikkje gjort noko om det var fleire herifrå, seier Mienna som viser til at fleire deltakarar frå området kunne gitt panelet større legitimitet i regionen.

Likevel fokuserer leiaren i mannsforeninga Dievddut på at likestillingsspørsmålet står i sentrum, og at dei som er spurde om å sitje i panelet alle har vist interesse for temaet likestilling - sett frå mannens ståstad.

- Det er kanskje ikkje så mange menn nord for Trondheim som vil snakke om likestilling, småler han.

Det høyrer med til saka at fleire av deltakarane er sentrale politikarar som på grunn av sitt verv no bur, iallfall delvis, i hovudstaden. Arild Stokkan - Grande (Ap) til dømes er opphavleg frå Ytterøy i Levanger kommune. Akhtar Chaudhry (SV) har adresse Oslo, medan

Andrè Oktay Dahl (H) opphavleg er frå Akershus.

### MANGE FRÅ OSLO

Heikki Holmås derimot (SV) er opphavleg frå Voss i Hordaland medan Audun Lysebakken (SV) kjem frå Bergen. Torbjørn Røe Isaksen (Unge Høgre) er frå Porsgrunn i Telemark medan den siste av topp-politikarane er Erling Sande (Sp) som opphavleg kjem frå Bremanger. Av dei andre deltakarane i panelet er 15 av 22 medlemmer frå det sentrale austlandet: Øyvind Rongevær (Oslo), Knut Haavik (Asker), Jørgen Lorentzen (Oslo), Per Østvold (Oslo), David Hansen (Oslo), Roger Sollied Johansen (Oslo), Marco El-safadi (Bønes i Bergen), Levi Henriksen (Kongsvinger), Magne Raundalen (Ulset i Bergen), Jan S. Asker (Oslo), Fahrid Bouras (Oslo), Runar Døving (Oslo), Knut Faldbakken (Ridabu/Hamar), Gunnar Holmen (Ålgård), Anders Hærland (Oslo), Marius Råkil (Skedsmo), Ulf Rikter - Svendsen (Oslo), Marvin Wiseth (Trondheim), Sandro Parmeggiani (Oslo) og Håkon Haugli (Oslo). Det lukkast ikkje LNK-avisa å få ein kommentar frå statsråd Karita Bekkemellem.

# Rasmus Løland først på forfattarnettet

**Nyskapinga Forfattarnett er oppretta. Stiftinga Rasmus Løland står bak den nye nettstaden, der Løland også er den første forfattaren som blir presentert i samband med markeringa av at han døydd i 1907 – for hundre år sidan.**

Herborg Kråkevik las frå boka "Gutar" for blant andre sju nynorskelevar frå Sagene skole i Oslo. Løland er rekna for å vera ein av dei første realistane i norsk barnelitteratur, og den livfulle opplesinga stadfesta at gutar har hatt litt av kvart for seg den gongen som no.

### NYBROTTSARBEID

- Forfattarnett er eit nybrottsarbeid der alt omkring Rasmus Løland er samla, frå han vart fødd i Suldal i Ryfylke i 1861 til han døydd i Asker i 1907, seier Marny Skeie Henkel, dagleg leiar i Stiftinga Rasmus Løland-markeringa 2007. Ho opply-

ser at tanken er å utvide nettstaden til ein omfattande forfattarportal.

- I første omgang gjeld det forfattarar som ikkje lever lenger. Så langt er det ingen konkrete planar om kven den neste blir. Det er eit spørsmål om pengar og ressursar til å utføre jobben, seier Skeie Henkel, og rosar Bente Kjos-Wenjum i Norsk Plan as for den omfattande og grundige jobben ho har gjort med utviklinga av nettportalen [forfattar.net/rasmusloland](http://forfattar.net/rasmusloland).

### SKAPA LESELYST

- Målet med nettstaden er å skape leselest blant barn og unge. Men Løland



Dagleg leiar i Stiftinga Rasmus Løland, Marny Skeie Henkel, Herborg Kråkevik og prosjektleiar Bente Kjos-Wenjum er godt nøgde med at Forfattarnett no er opna. (Foto: Einar Schibevaag)

skreiv både for barn og vaksne, og målgruppa er studentar, media og alle som er interesserte i litteratur, seier Kjos-Wenjum. På nettstaden kan ein finne det meste om Rasmus Løland - om livet hans og forfattarskapen.

Etnologen Ernst Berge Drange skreiv tidlegare i år biografien [Rasmus Løland](#). Barnebokpioneren frå

Ryfylke, i samband med Løland-markeringa skal Drange halde fleire foredrag om Løland denne hausten. Omtale av både av denne biografien, Lølands sjølvbiografi, artiklar, bokmeldingar og lekkjer er av innhaldet i den nye nettportalen. (NPK)



# 33 år utan resultat

**Skuleeigarane måtte tåle kritikk då Ottar Grepstad heldt den sjuande årstalen om tilstanden for nynorsk. Frå talarstolen i Bergen kom han samstundes med kjærleikserklæringar.**

INGRID HILLESTAD  
ingridhillestad@hotmail.com

- Ikkje eitt år har skulebøkene på nynorsk kome til rett tid, sa ein engasjert Ottar Grepstad i Griegakademiet i Bergen denne siste tysdagen i september.

Direktøren for Nynorsk kultursentrum tørka sveitten frå tinningane etter å ha underbygd poenget sitt med å liste opp alle årstala frå og med 1975 og fram til i dag. Heile 33 år har lovformuleringa om at læremiddel på begge målformer skal ligge føre til same tid og same pris vore gjeldande for vidaregåande skule. Ikkje eitt år har dette blitt innfridd.

## LOVAR BETRING

Nynorskelevar blir nemleg kvart år gåande og vente på at læremiddel på eiga målform skal dukke opp. Sånn kjem nokon skjeivt ut med progresjonen, medan andre vel vekk nynorsk, meinte Grepstad. Eller med andre ord: forlaga tek bort valfridomen som Stortinget seier at elevane skal ha. Lovbrotet skjer ikkje berre på vidaregåande trinn, men også i heile grunnskulen, framheva talaren. Han kom med fleire døme frå ulike kantar av landet.

Fylkesordførar i Hordaland, Torill Selsvold Nyborg, var mellom tilhøyrarane i salen. Etter tala lova ho, over kvitvinsglas og fruktfat utanfor talelokalet, å setje saka tydelegare på dagsorden.

- Me har svikta i år også. Dette må me rette opp. Me må stille strengare krav til forlaga. Store innkjøpsavtaler og anbod kompliserer det heile, kommenterer ho, og skryt elles av ein interessant tale.

## NYNORSK FOLK VEL SENTRUMSPARTI

Trass i kritikk frå talaren, kunne Krf-politikar Nyborg samstundes gle seg over resultatata Grepstad la fram frå ein fersk analyse av det siste kommunevalet. Sentrumspartia får nemleg størst oppslutnad i nynorskkommunar. Berre desse partia gjorde det betre i nynorskkommunar samanlikna med heile landet under eitt, dokumenterte talaren. Alle andre parti gjorde det dårlegare.

- Men utan nynorskveljarane hadde heller ikkje Frp gjort det beste lokalvalet nokon gong, heldt Grepstad fram.

## VIL HA MAKT OVER SPRÅKET

I tala, som i år hadde fått tittelen "Makta over språket", kritiserte vidare direktøren for nynorskultur enkelte politikarar for nettopp å ville ta makta over språket. Ignorans og marginalisering kalla han maktmekanismane som enkelte parti, og også andre grupper i det norske samfunnet, tar i bruk når dei ønskjer å fjerne det nynorske språket. Denne einsrettinga av kulturen er eit paradoks, meinte talaren, i det me går mot Mangfaldsåret 2008.



Fylkesordførar i Hordaland, Torill Selsvold Nyborg (t.h), måtte etter talen love Ottar Grepstad å kjempe hardare for dei nynorske skulebøkene. (Foto: Ingrid Hillestad)

## REKLAME PÅ NYNORSK

Men medan dette året nærmar seg, finn talaren også lyspunkt: i opplevings- og reklameindustrien blømer nynorsken. Kortreist mat står på menyen her, og denne får emballasje med nynorsk tekst.

- Dei lokale matprodusentane har tatt tilbake makta over eigen matproduksjon. Når dei først var i gang, tok dei også tilbake makta over språket, talte Grepstad.

På stor skjerm viste han reklamar på nynorsk: frå Lerum Fabrikker, Toro, Sætre kjeks og Framstegspartiet.


- Eg trur større språkleg toleranse og krafta i den lokale opplevingsindustrien er to viktige årsaker til at nynorsk er i ferd med å bli meir brukt i reklame, heldt han fram.

## TALTE OM KJÆRLEIK

Med engasjement, sveitte, alvor, humor og språklege verkemiddel som ordspel, gjentakning og ironi, fekk Grepstad fram analysen sin av dei språklege makttilhøva i Noreg anno 2007. Innimellom kunne publikum i salen i Griegakademiet løyse på den konsentrerte andletsmuskulaturen for å humre litt i staden. Grepstad slutta som han byrja: med ei kjærleikserklæring. Språk handlar nemleg om kjærleik. Det er difor vanskeleg å argumentere for, meinte Grepstad, og støtta seg på Maria Parr, forfattar, student og sjølvutnemnt nynorsk-hooligan.



Tradisjon – og fornying



## HOTELL HORDAHEIMEN



Hotell Hordaheimen gir alle medlemmer av LNK og deira tilsette eit hotellopphald i Bergen til ein pris som tåler samanlikning.

Sei du representerer ein LNK-kommune når du bestiller. Prisen (enkeltrom) er kr 650 på vekedagar og kr 540 i helga.

C. Sundtsgt. 18  
5004 Bergen  
Tlf.: 55 33 50 00  
Faks: 55 23 49 50

E-post: info@hordaheimen.hl.no

[www.hordaheimen.hl.no](http://www.hordaheimen.hl.no)



# KULTUR TRENG HUS

Vi finansierer Kommune-Norge

---

## KOMMUNEKREDITT

---

Kommunekreditt er kommunane sitt eige kompetansesenter.

Me hjelper deg med:

låneopptak • finansstrategiar  
samansetning og styring av låneportefølje  
bankavtalar • formueforvaltning • selskapsorganisering  
bompengefinansiering

Beddingen 8, 7410 Trondheim  
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)  
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81  
e-post: [post@kommunekreditt.no](mailto:post@kommunekreditt.no)  
[www.kommunekreditt.no](http://www.kommunekreditt.no)

Olav Vesaas:

# - Mor var ein folkekjær lyrikar

**Olav Vesaas (71) har skrivne biografi om mor si. « Å vera i livet » er eit nært møte med mennesket og lyrikaren Halldis Moren Vesaas.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Biografien er blitt ein murstein på om lag 700 sider. Olav Vesaas vedgår gjerne at det kravde mykje tolmod for å fullføre det femårige bokprosjektet. No er han derimot i mål, og boka vart lansert under opninga av litteraturdagane i Vinje, som i år fokuserte på at det er 100 år sidan Halldis Moren Vesaas vart fødd.

- Eg vil ikkje bevisse noko med boka, eller problematisere noko. Tanken bak er å fortelje historia om hennar liv, meiner Vesaas. Gjennom stadige sitat frå kjelder som personlege brev og notat fortel også Halldis sjølv frå sitt eige liv.

Olav Vesaas har bakgrunn som kulturmedarbeidar frå NRK i omlag 30 år og som forlagssjef i Det Norske Samlaget. Han har tidlegare redigert fleire diktantologiar og gjeve ut fleire bøker, deriblant biografien "Løynde land - ei bok om Tarjei Vesaas".

## LIVET OG LITTERATUREN

- Eg har lært Halldis å kjenne frå ho var lita jente og framover i livet. Gjennom skrivinga har eg og sett tydelegare den nære samanhengen mellom livet hennar og diktinga, slår forfattaren fast. Diktinga viste ofte deler av eit levd liv - eit biprodukt av det å leve, meinte ho sjølv.

Halldis Moren Vesaas var fødd på garden Mora i Trysil 18. november 1907. Ho vart tidleg oppteken av skriving og teater, og allereie hausten 1928 hadde ho ferdig ei diktsamling. Likevel debuterte ikkje Halldis før året etter med diktsamlinga: «Harpe og dolk». I 1931 møtte ho dikteren Tarjei Vesaas og tre år etterpå gifta diktarparet seg og flytte til Vinje.

- Eg var ikkje klar over at denne skrivelysten var så sterk då ho var veldig ung, seier Olav og viser til at mora såg vers overalt der ho ferdast, kanskje spesielt i naturen.



Olav Vesaas har skrivne biografi om livet og litteraturen til Halldis Moren Vesaas.  
(Foto: Judith Sørhus Litlehamar)

- Ho kunne berre gå ut og hente ned dikta.

Sjølv sa Halldis også eingong at dei viktigaste hovudstolpane i livet var menneska, bøkene og naturen. Det mangla aldri inspirasjon for vidare skriving.

## ALLMENNE DIKT

Sonen Olav er blitt glad i litteraturen til mora. Ein litteratur han meiner handlar om det kvardagslege, medmenneskelege og det folkekjære.

- Dikta er allmenne, dei handlar om tema som fødsel, ungdomstid, kjærleik, om det å bli mor og om naturen, dette er det mange som kjenner seg att i.

Han meiner mora var ein nær lyrikar som spesielt hadde omsut for dei svake i samfunnet. Og lyrikken var hennar stemme i samfunnsdebatten. Om det ikkje var politisk lyrikk ho skreiv lika ho at dikta kunne stimulere til debatt.

I følgje Olav var Halldis kvinnesaks-kvinne utan å vere aggressiv, noko raudstrømpe vart ho aldri. Men i 1947 reiste ho blant anna på turnè med føredraget «Det å vere kvinne».

## SOLIDARITET OG OMSORG

Skal han nemne nokre favorittar vert det dikta «Einsamflygar» og «Ord over grind».

- Mange les diktet «Ord over grind» som eit kjærleiksdikt, men det handlar jo meir om vennskap, meiner Olav Vesaas.

I diktet «Einsamflygar» brukar Vesaas fuglen som ein metafor for eit menneske som har det vanskeleg. Halldis såg gjerne til den som fall utanfor i livet.

- Kva trur du dikta hennar kan tilføre nye generasjonar lesarar?

- Eg håpar dei kan føre til respekt og omsorg for andre, og at ein steller godt med planeten vår. Solidaritet var viktig for mor.

Litteraturdagane i Vinje var startskotet for ei omfattande markering av jubileumsåret for Halldis Moren Vesaas. Det vil også bli arrangement i Trysil og Oslo framover hausten.

Meininga er å formidle kunnskap om livsverket hennar og vise kva rolle Moren Vesaas spela i litteraturen og kulturen. I tillegg ynskjer ein å nytte jubileet til å auke interessa for poesi og dramatik generelt og spesielt innafor den nynorske litteraturen. Eit anna mål er å stimulere barn og ungdom til å skrive sjølve.

## PIRION-KURS

Kurshaldarar med brei erfaring frå folkemusikk, forteljekunst, drama og kulturliv generelt. For meir informasjon [www.pirion.no](http://www.pirion.no) eller ta kontakt med Astrid E. Hjelmeland på 52 79 04 84 eller [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no)

Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

Ole Brum, Ola Tveiten eller Barbie, kor hentar barna opplevingar frå?



**KULTURFORMIDLING FOR TILSETTE I BARNEHAGE OG SMÅSKULE  
OG ELLES ANDRE SOM ARBEIDER MED SMÅ BARN**

TOKKE



# Dalen, krafta og kanalen

Arbeidsløysa er nesten lik null. Det manglar ikkje på pengar og tilskotsordningar. To år på rad har dei blitt best i Telemark på nyetablering. Så kva strevar dei med i Tokke, eigentleg. Finst det utfordringar?

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

- Vi treng fleire folk, svarar nærings sjef Nils Gjerde. - Vi har for stor folketalsnedgang. Fleire gründerar skulle vi og hatt.

## ØKONOMISK SOLID

Før kraftutbygginga på 60-talet var kommunesenteret Dalen berre to-tre gardar og ei handfull menneskje. I dag bur det 1000 menneskje i Dalen, og saman med dei kringliggjande bygdene Lårdal, Høydalsmo og Åmdalsverk tel kommunen om lag 2 400 innbyggjarar. Alle grendene har egne skular og daglegvarebutikkar. I Dalen finst dessutan ein vidaregåande skule, eit namngjete hotell, ein gourmetkafé og butikkar som dekkjer dei fleste behov.

Kraftutbygginga har lagt grunnlaget for ein økonomisk tryggleik som andre kommunar berre drøymmer om. Innbyggjarar og næringsliv blir sterkt subsidierte gjennom låge kraftprisar, samstundes som kommunen har bygd seg opp eit solid næringsfond.

## INGA LIVBERGING

Sjølv om ein ikkje kan kjøpe seg innbyggjarar med pengar, kan kommunen bruke rikdommen til å leggje fram gode støtteordningar for dei som vil noko. I Tokke kommune har dei ein klår politikk på ikkje å berge bedrifter og føretak



Nærings sjef i Tokke, Nils Gjerde, framføre den delen av kommunebuset som faktisk er brakkene frå kraftutbyggingstida på sekstitalet. Statuen av den vesle bjørnen er laga av billedboggaren Anne Grimdalen. - Vi vil gjerne ha fleire gründerar til Tokke, seier Nils Gjerde. (Foto: Toyni Tobekk)

som slit økonomisk, men heller bidra i oppstarten.

- Greier dei ikkje gå for eiga maskin, så let vi dei døye, seier Gjerde.

- Kommunen kjøper heller ikkje aksjar i lokale føretak.

I staden for berging har kommunen heller lagt seg på ei line der det å vere synleg og nær er det vesentlege.

- Vi gir ti prosent investeringsstøtte til alle som startar nytt, anten det er stort eller smått. Og så handsamar vi søknader raskt.

## FÅ INITIATIVTAKARAR

Dessverre, meiner Gjerde, er det for få som kjem til kommunen for å starte noko nytt. At kommunen i 2004 og 2005 vart kåra til Telemarks beste på nyetablering, handlar eigentleg vel så mykje om at kommunen har hjelpt allereie eksisterande bedrifter med å bli formelt etablerte.

No anar dei uansett håp i hangande snøre. Investorar frå Sandnes har kasta augo sine på Hallbjønnsekken, eit fjellområde og eit skianlegg med utviklingspotensiale. Det kan verke som at det er litt seint å hive seg på hyttebygging no

når hytteboomen er på veg ned, men så er det slik at fjellstroka kring Dalen har ein stor føremonn: Her er garantert snø, heile vinteren, fortel Gjerde. Investorane peiker og på Tokke som ein naturleg destinasjon for fjellfolk i dei tider av året kor det ikkje ligg snø. Då er Tokke endestasjon for Brokke - Suleskarvegen, og ligg såleis berre nokre få timar frå Sør-Vestlandet.

## ENDESTASJON

Det er likevel som endestasjon for Telemarkskanalen at Dalen er mest kjend for turistar. Frå å ha vore ei viktig åre for tømmer og kopparfrakt fram til andre verdskrigen, er kanalen no berre for folk som vil ferdast på vatn for fornøynsels skuld.

- Hotellet er avhengig av kanalen og båtane, seier Gjerde. - Men eg

synest vel det er på tide at vi byrjar å tenkje nytt også på dette området.

Turen opp Telemarkskanalen frå Skien til Dalen går med dei gamle skipa «Victoria», «Henrik Ibsen» og «Telemarken» og tar elleve timar. Det meiner Gjerde er for langsamt. Tidlegare har han tatt til orde for at den langsame turen kan gå frå Dalen og gjennom slusene.

- Etter det burde folk bli frakta i hurtiggående båt. Det ville friska opp turen vesentleg.

## Tokke



Tokke kommune består av tettstadene Dalen, Lårdal, Høydalsmo og Åmdals Verk, og innbyggjartalet ligg og vippar rundt 2400. Kommunesenteret i Tokke er Dalen, og det er her Telemarkskanalen sluttar, når han munnar ut i innsjøen Bandak.

Frå gammalt av har det vore drive bergverk (koppar) i Tokke. Kommunen er no landets nest største industrikommune basert på folketalet. Dei største bedriftene er ABB, Scana Mar-El og Dalen Mekaniske verkstad.

Vest-Telemark er den regionen i landet som har hatt flest industritilsette i forhold til folketalet i dette tusenåret.

Verdas første premierte skirenn gjekk truleg i Høydalsmo i 1866, og kommunen har vore vertskap for fleire nasjonale og internasjonale skirenn. Tokke ønskjer å styrke posisjonen som vintersportskom-

mune og satsar på hyttebygging i heia.

Kommunen praktiserer buplikt og har 0-konsesjon. Ingen av ordningane har vore omstridt. Senterpartiet har hatt ordføraren i 18 år og styrer no kommunen saman med KrF, Frp og Høgre.

Kommunestyret i Tokke består av 21 representantar, 12 kvinner og 9 menn:

Ap 8

SV 1

Sp 9

Krf 1

H 1

Frp 1

Ordførar: Olav Seltveit Urbø (Sp)

Varaordførar: Astri Fladberg (Frp)

Rådmann: Olav Bjørn Bakke

TOKKE



# Scana styrer skuta

**Midt i Telemark, langt inn i innlandet, ligg ei bedrift som har blitt leiande i verda på eit område innan skipsfart. Scana Mar-El lagar styringsmekanismar til båtar.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Har du reist med ein katamaran, på ei pendelferje eller vore på ein gasstankar, så er det rimeleg at båten er styrt med joystick- eller manøvreringsstyring produsert i Dalen. Det er ikkje så eksotisk som det høyrer, å produsere så langt frå sjøvatn som du nesten kan kome, meiner dagleg leiar Hans Olav Kilen. - Skipsfarta er ei verd utan landegrensar, og det spelar lita rolle kor vi sit og skrur saman mekanismane.

## MANGLAR KOMPETANSE

Scana Mar-El starta med seks mann i 1974. I dag tel bedrifta 26 tilsette, dei aller fleste er menn.

- Dette er nok ikkje nokon typisk kvinnerarbeidsplass, medgjer Kilen, men han ser ikkje bort frå at framtidens tilsette i større grad blir av hokjønns utdanningstrendane held fram.


Vidaregåande skule i bygda kan tilby mekaniske fag og teknikk- og industriell produksjon, men det aleine er ikkje nok. Ungdommen må ut og hente inn ei høgare utdanning før dei er kompetente til å jobbe hjå Scana Mar-El. Halvparten av dei som jobbar i bedrifta er utdanna ingeniørar. Skuleverket har tatt seg av grunnutdanninga deira. Så er det opp til bedrifta å stå for kompetansetilpassinga.

## LOJALE TILSETTE

Arbeidsstokken og produksjonen hos Scana Mar-El har vore stabil dei siste åra.

- Tre av fire tilsette er lokale folk, fortel Kilen. - Det er dei som er mest lojale mot bedrifta i den forstand at dei blir hos oss lengst.

- Rekruttering av kompetanse er ikkje det enklaste for næringslivet i Telemark.



Eit kjekt, fjernstyrt leiketøy for store gutar, fv. Hans Olav Kilen og utviklingsjef Ole Bjørn Midtbø. Båten brukar bedrifta når dei reiser rundt på messer i inn- og utland. (Foto: Toyni Tobekk)

**Visste du at det einaste nynorsk-hotellet i Oslo også er nyrenoverert?**

Alle tilsette i LNK-kommunar får sjølvsagt LNK-pris. Frå 730,- per natt og Flybussen rett til døra!



**Velkommen til kulturhotellet i Oslo sentrum!**



**Hotell Bondeheimen**

Rosenkrantzgate 8, 0159 Oslo  
Tlf: 23 21 41 00  
booking@bondeheimen.com  
www.bondeheimen.com

## VEST-TELEMARK, IKKJE TOKKE

Men ein skrikande mangel på ingeniørar over heile fjøla merkast og hos Scana Mar-El. Hans Olav Kilen er derfor oppteken av regionstanken, det å sjå Vest-Telemark som ein jobbregion.

- Når næringslivet skal hente inn arbeidskraft utanfrå, er det slik at vi ikkje berre skal skaffe jobb til éin, vi må syte for ein ektefelle eller ein sambuar og.

Det er ikkje sikkert den jobben finst i Dalen, men kanskje i nabogrenda eller i ein kringliggjande kommune.

## EIN TIMES REIS

I staden for å berre sjå på kva som finst i din tettstad, slik som Dalen, må ein tenkje litt vidare, meiner Kilen. Både når det gjeld jobb, handel, bustad og opplevingar.

- Tenk deg at du bur midt i Oslo, kor langt kjem du på ein times reis ut frå byen i rushtrafikken? spør han og drar parallellen. - Ein times reis frå Dalen bringer deg til flyplass, til små tettstader

og byar som Porsgrunn og Kongsberg. Det du ikkje finn eine staden, finn du kanskje i neste.


## NYTT NÆRINGSINITIATIV

Førebels står ikkje regionstanken så sterkt i Vest-Telemark, trur han, men noko er på glid. I sommar vedtok fylkestinget Næringsplan for Vest-Telemark, ein plan som mellom anna har tiltak for rekruttering og næringsutvikling, men som og berører dette med å sjå regionen som ein felles arbeidsmarknad.

TOKKE



# Bord til ein på Dalen Hotel



(Foto: Judith Sørbus Littlebamar)

**Barnegråt i korridorane, ei ulukkeleg kvinne som går igjen og sterke og ubehaglege spenningar på eit spesielt rom ser ikkje ut til å skremme gjestene vekk frå Dalen Hotel.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Heilt øvst i restauranten på hotellet står eit bord dekt til ein person. Det blenkjer i sølv og krystall når kelneren tenner lyset på bordet som alltid er reservert "The English lady". Om den engelske kvinna var barnedrapskvinne eller ei, spelar ikkje så stor rolle: På Dalen Hotel tek dei vare på historia. Heile historia.

## SAKRALT

I 1894 stod Dalen Hotel ferdig, to år etter at Telemarkskanalen opna. Den store, gule trebygningen er smykket ut i dragestil og har eit visst preg av stavkyrkje over seg. Eit stort glasmåleri-tak inne i hallen forsterkar det sakrale preget. I hallen heng telegram frå Kong Oscar II fint rama inn, chesterfieldstolane kransar peisen. Ved pianoet sit pianistinna og spelar, kvar einast kveld, så lenge hotellet har ope.

I dag har Dalen Hotel 41 rom til å by gjestene. Eitt av dei har ei meir uhyggelig historie enn dei andre, rom nr. 17.

## DEN ENGELSKE DAMA

Miss Greenfield kom til Dalen ein gong på slutten av attenhundretalet. Den gravide adelskvinna såg ut til å trivast, og ho blei på Dalen ein heil sommar. Men så reiste ho heim att til England. Utan barn.

Då ei tenestejente ville gjere reint etter Miss Greenfield på rom nr. 17, fann ho døra låst og ingen nøkkell var å oppdrive. Til slutt måtte dei sprengje døra, og der fann hotellstaben til si store forskrekking liket av eit lite spedbarn.

## LØYNDE BARNEFØDSLAR

Miss Greenfield vart ettersøkt, funnen og stilt til ansvar for barnedrapet i England. Historia om korleis det gjekk for den ulukkelege kvinna er todelt: Somme hevdar ho vart avretta for mordet. Andre seier ho tok livet av seg i fortvilning over det ho hadde gjort.

Soga seier og at ei tenestejente ved hotellet skal ha født eit barn i løyndom. Barnet døydde under fødselen, noko jenta prøvde å skjule for omverda. Skamma var stor for ho då dette kom ut til slutt.

## UNORMAL AKTIVITET

Historia om The English lady har tilført hotellet i Dalen ein ekstra dimensjon. Mange gjester vel bevisst å prøve seg på ei natt i rom nr. 17. Dei færreste held ut heile natta.

**ABC**  
**Startsida**

Vel [www.startsida.no](http://www.startsida.no) som  
di nye startside. Meir info her:  
[www.startsida.no/egen](http://www.startsida.no/egen)



solid drakestol som ein tilfeldig eigar har selt tilbake til hotellet.

Utanom møblementet er hotellet temmeleg nær si originale drakt. Tapet, innreiing, trapper og stil – alt er forsøkt halde slik det ein gong var.

– Forfallet har ikkje vore totalt i nedgangspanadane. Ingenting blei øydelagt fullstendig medan bygget har stått tomt, så det har latt seg gjere å tilbakeføre heile hotellet så nære det originale som ein kan kome.

#### FEMINIST MOT PREDIKANT

Bortsett frå tida under krigen har det aldri vore anna enn hotelldrift i det ærverdige bygget. – Ein gong på 80-talet var det meininga at feministen og politikaren Berit Aas skulle gjere det om til kvinneuniversitet, men det blei for kontroversielt. I staden enda det med at predikanten Åge Samuelsen tok over og dreiv, med vekslende hell.

Samuelsen dreiv hotellet under namnet Vekkeropet A/S, og hotellet hadde til alt overmål ein kristen føremålsparagraf. Samuelsen gjekk konkurs fleire gonger, og i 1987 var det heilt slutt også for han.

#### MODERNE TID

Etter det var det mange ulike planar for Dalen Hotel. Kommunen hadde no innsett at hotellet var av stor verdi for bygda, og det blei til slutt eit massivt trykk, både frå kommune og frå statleg hald, som fekk hotellet skikkeleg på fote att. I 1992, i samband med hundreårsjubileet for kanalen, stod hotellet fram som ei nyrenovert perle med berre nokre få tilpassingar til det moderne livet. Bad på dei fleste rom, til dømes. Fjernsyn på rommet finn ein enno ikkje på Dalen Hotel.

Sidan då har det vore kontinuerleg drift på hotellet. Gjestene som kjem er folk i aldersgruppa 40 pluss, fortel dagleg leiar, og det kan vere kanalbåtgjester, motorsyklistar, pedalsyklistar og andre individuelt reisande, samt ein fast gjest: Ei kvilelaus engelsk kvinne.

– Det kan vere greitt å ha eit rom i bakhand for desse, seier dagleg leiar Christin Normann.

Også dei tilsette ved hotellet har kjent nærværet av eit kvart når dei vaktar hotellet på kvelds- og nattetider. Ved eit høve har ei paranormal foreining gjesta hotellet, og dei hevdar å ha målt mykje unormal aktivitet på rom nr. 17.

#### KONGAR OG DRONNINGAR

Heilt avskremde blir nå gjestene likevel ikkje. Kong Oscar skal ha budd på Dalen ved fleire høve. Den etterfølgjande kongerekke med koner like så.

Under andre verdenskrigen vart hotellet brukt som rekreasjonsstad for tyske soldatar. Og sjølv om tyskarane for fint fram med hotellet medan dei budde der, så tok dei dessverre med seg mykje av det originale møblementet då dei drog.

#### MISTA MYKJE

Mykje forsvann også etter kvart som hoteleigarane ikkje greidde halde futen frå livet og måtte la møblar gå på auksjon. – Men noko har vi fått att, seier Normann og syner fram eit framskap og ein stor,

## Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



FAGFORBUNDET



[www.fagforbundet.no](http://www.fagforbundet.no) Servicetorget: 815 00 040

E-post: [servicetorget@fagforbundet.no](mailto:servicetorget@fagforbundet.no)

## Notis

### Olaug Nilssen til teatret

Suksessromanen *Få meg på, for faen* blir teater. 8. november har stykket basert på Olaug Nilssens roman urpremiere på Det Norske Teatret i Oslo. Medan boka er eit flettverk av tre historier, blir heile historia servert i eitt i teaterversjonen, fortel Nilssen til *Dag og Tid*. *Få meg på, for faen* fekk mykje skrøyt då ho kom ut i 2005. Men boka, og då spesielt karakteren Alma, vekte og debatt. Alma vart karakterisert som "den kåtaste fjortisjenta i norsk litteraturhistorie", og Nilssen medgjær at det har vore vanskeleg å diskutere boka med publikum.

Suksess

Dette er første gongen at ein av Olaug Nilsen sine bøker vert iscenesett. Tidlegare har Nilssen hatt stor suksess med teaterframføringa *Skyfri himmel*, der ho skreiv stykket basert på tekstane til Bjørn Eidsvåg.

### Ordbokpris til Nynorskordboka

(NPK): Redaksjonen for Nynorskordboka har fått ordbokprisen. Der sit Dagfinn Worren, Anne Engø og Marit Hovdenak.

Bak ordbokprisen står Norsk fagliterær forfatter- og oversetterforening (NFF), og prisen skal gå til forfatarar av ei ordbok som merkjer seg ut. Prisen vart delt ut for første gong i 1997, og kan, men må ikkje, delast ut kvart år.

Nynorskordboka kom ut første gong i 1986, og har vore nominert til NFFs ordbokpris fleire gonger tidlegare.

Ordboka inneheld over 90.000 oppslagsord og er den første ordboka der både oppslagsorda og den faglege omtalen er på nynorsk. Den nyaste utgåva av Nynorskordboka er også tilgjengeleg på internett. (©NPK)

# Ny barnebokfestival

**På Stord inviterer ein no til nynorsk barnebokfestival for å gi barnebokskatten meir plass og større status.**

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no


- Det er skrive og gjort veldig mykje bra innan nynorsk barnelitteratur. Me ynskjer å gi den større plass og meir status, seier Herdis Elin Belsvik i Stord kommune. Barnebokfestivalen Falturiltu er eit samarbeid mellom Stord kommune, Sunnhordland Museum, Høgskulen Stord Haugesund, Stord Mållag, Noregs Mållag og Ark Stord.

Belsvik legg vekt på at Stord og Sunnhordland har tradisjon for barnelitteratur og ulike litteraturarrangement.

- Me har ein rik forfattarflora i Sunnhordland. Og det er tradisjon for eit bokarrangement på Stord kvar haust, i tillegg er me ein nynorsk-kommune, seier ho og viser til at det då var naturleg å arrangere ein nynorsk barnebokfestival. Så langt Belsvik kjenner til finst det ingen tilsvarende festival i landet.

## BJØRLYKKE FESTIVALDIKTAR

Mange forfattarar frå Sunnhordland er kjent for nettopp barnelitteratur, og forfattarar som Helga Gunerius Eriksen, Atle Hansen og Per Olav Kaldestad er då også naturlege medlemmer i programkomiteen for festivalen. Det er meininga at ein under kvar festival skal konsentrere seg spesielt om ein festivaldiktar. I år er det Oskar Stein Bjørlykke. Oskar Stein Bjørlykke er fødd i 1939 i Fitjar og bur no i Oslo. Han debuterte med ei diktbok for vaksne, "Deg høyrer dagen til", i 1966 og har seinare skrive diktbøker, romanar og novellesamlingar for både vaksne



Oskar Stein Bjørlykke er årets festivaldiktar under barnebokfestivalen Falturiltu på Stord. (Foto: Samlaget)

og born. Bjørlykke er truleg ein av forfattarane som har skrive mest dikt for born, og er etterkvart blitt rekna som ein moderne klassikar. Ikkje minst er han kjent for å forenkle og tilnærme det poetiske språket til daglegtale.

## KRÅKEVISA FRÅ STORD

Elles på programmet for festivalen, som går av stabelen første veka i november, står skuleturné med forfattarar, biletbokverkstad på Galleri Giga, kveldsstund for born, barnebokforfattarar møtes til sam-

tale, bokbar og barnebokbad. Ein viktig del av programmet er samarbeidet med den kulturelle skulesekken der forfattarar besøkjer lokale skular og snakkar om bøkene sine.

- Og kvifor dette namnet?

- Me har tenkt på "Mannen han gjekk seg åt veaskog(...)falturiltu raltura" (Kråkevisa. red.anm.), den skal visstnok vere frå Stord, smiler Belsvik.



lerde ittekvart  
det va med ungdommen  
som med flasko i flokkjen  
bakom nåvo på ungdomshuset  
beste å forsyna seg  
nå ein blei bydde  
kunne aldri veta  
ko lengje det varte

Frå "Løktastolpefrø" - 1975  
av Ingvar Moe som ville ha vore 70 år  
i 2006

## Falturiltu

### Nynorsk barnebokfestival

Vert arrangert for første gong på Stord 2. – 10. november.

Forfattarar og illustratørar frå den nynorske barnebokverda mønstrar og skal vise breidda og livskrafta i dagens litteratur for born og unge.

Det er meininga at ein kvart år skal ha ein festivaldiktar.

Årets festivaldiktar er Oskar Stein Bjørlykke.

(Kjelde: [www.falturiltu.no](http://www.falturiltu.no))

# Ikkje 7de sans på nynorsk

**Då Sogn og Fjordane fylkeskommune skulle tinge almanakken for 2008 hjå Almanakkforlaget fekk dei til svar at forlaget har slutta å produsere han på nynorsk.**

Informasjonssjef Henning Rivedal i fylkeskommunen veit ikkje om han skal le eller gråte.

Almanakkforlaget gjekk med 70 millionar kroner i overskot i 2004 medan dei framleis produserte almanakken på nynorsk, seier Rivedal i ei pressemelding.

Forlaget må difor kunne bruke litt ressursar på å finne ut at det er marknadspotensial for eit godt nynorskprodukt. Så bør dei vere ute med tilbodet så tidleg at dei får selt almanakken. Men slikt må jo vere barnelærdom for eit for-

retningsforetak som har eksistert sidan 23. mai 1883.

## NYNORSK SIDAN 1954

Det var i 1954 at Den 7de sans kom på nynorsk for første gong. Bokmålversonen såg dagens lys i 1918.

Rivedal reknar opp ei rekkje gode argument for kvifor Almanakkforlaget må koma på betre tankar.

I medlemskommunane i Landssamanlutninga av nynorskkommunar (LNK) bur det i dag rundt 420.000 menneske. Dei representerer rundt 17.000 tilsette. I dei tre fylkeskommunane som er medlemmer i LNK bur det i dag rundt 800.000 menneske. Det er over 8.000 tilsette i dei tre fylkeskommunane. Det er medlemskommunar i Landssamanlutninga for nynorskkommunar i Oppland, Buskerud, Aust Agder, Vest Agder,

Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

I tillegg nemner Rivedal bedrifter og folkevalde fora som Tussa Kraft as, Bergenshalvøens Kommunale Kraftverk (BKK), Hardangerrådet, Indre Hardanger Kraftlag, Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Sunnhordland Interkommunale Miljøverk, Ryfylke IKS og Setesdal Regionråd. Alle er medlemmer i LNK.

Alle desse er lett tilgjengelege på heimesida til Landssamanlutninga av nynorskkommunar, og dei er lette å google opp, opplyser informasjonssjefen i Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Henning Rivedal.

Saka ligg no hjå Landssamanlutninga av Nynorskkommunar.

(NPK)

ABC  
Startsida

Over 600.000  
unike brukarar  
kvar einaste dag!

Noregs einaste  
nynorske startside

[www.startsida.no](http://www.startsida.no)